



Frå barnehage til ungdomsportal

- eksempel på barne- og ungdomsinnverknad i kommunane



BARNE- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENTET

1 Rett til medverknad i barnehage	
Det handlar om haldningar – Ski	4
“Vårt daglege brød” – Ski	6
Borna brevvekslar med styraren – Stavanger	7
Inspirert av Reggio Emilia – Stavanger	8
2 Brukarmedverknad i skulen	
Bygde ny skule med elevhjelp – Andebu	10
“Elevråd” for kvart klassetrinn – Bergen	11
“No pussar vi opp kantina!” – Trondheim	14
Styrkar elevråda med kommunalt elevråd – Ski	17
3 Innverknadsorgan for born og ungdom	
Full rulle med Rådhusmøtet – Porsgrunn	18
Jobbar for færre “dropouts” – Porsgrunn	19
Ungdomsråd er eit minimumskrav – Hedmark	20
Det nyttar å engasjere seg – Hedmark	22
4 Dialogar med born og ungdom	
Ungdomssatsing = bygging – Vågå	24
Skaffar seg oversikt med barnetrakk – Horten	25
Gjensidig respekt – Bydel Gamle Oslo	26
5 Utforming av møteplassar	
Planla ny ungdomsklubb – Årdal	28
Demokrati i ungdomsklubben – Vågå	29
Motiverer til engasjement – Bydel Gamle Oslo	30
Mekkar ny mekkeklubb – Hareid	32
Skapte skateperle ved Mjøsa – Hamar	33
Tvibit gir ungdom plass og ressursar – Tromsø	35
6 Sikring av kulturtilbod	
På barrikadane for kinoen – Horten	38
Styrer sin eigen kortfilmfestival – Bydel Nordre Aker i Oslo	39
Kulturlivet blomstrar i Trikkehallen – Bydel Nordre Aker i Oslo	40
7 Høyring om helse	
Sa ifrå til statsministaren – Eidskog	42
8 Meininger om trafikktryggleik	
Ville møte rektorane – fekk klar tale av elevråda – Stange	46
Dirigerte om anleggstrafikken – Horten	47
9 Elevstyrt miljøprosjekt	
Samla inn fleire tonn søppel – Hareid	50
10 Ungdom gjer jobbintervju	
Blei jobbintervjua av ungdom – Vågå	52
11 Informasjon til og frå ungdom	
Samarbeider med lokalpressa – Årdal	54

Forord

Å sørge for auka deltaking og meir innverknad til born og ungdom, er ein viktig del av arbeidet med å betre deira levekår. Det handlar om at tilboda born og unge brukar blir meir i tråd med deira interesser og behov. Det handlar om å sørge for at born og ungdom får gode moglegheiter til å delta, til å seie kva dei meiner og til å komme med konstruktive innspel på alle arenaer der born og unge oppheld seg og utfoldar seg. Å få innverknad tek både vare på og stimulerer born og unge sine evner til engasjement, ansvar og nytenking. At meiningane blir høyrde og brukte, kan også bidra til å styrke sjølvkjensla.

Artikkel 12 i FN sin konvensjon om barnerettane slår fast born og unge sin rett til å seie si meining i alle saker som vedkjem dei. Å arbeide godt med å følgje artikkel 12, tilseier eit stort mangfald og brei tilnærming. Det handlar om haldningar, men også om kunnskap. Dette heftet vil gje nokre tips om korleis ein kan auka born og unge sin medverknad på ulike område i kommunane. Her er det henta eksempel som syner korleis det kan arbeidast i barnehagar, på skular, i ungdomshus, i ungdomsråd og med ulike prosjekt i kommunane.

Barne- og likestillingsdepartementet gav i 2006 ut eit rundskriv om deltaking og innverknad for born og ungdom i kommunane og ei handbok om ungdomsråd. Dette heftet vil supplere desse publikasjonane. Artikkane er skrivne av journalist Frode Aga på oppdrag av Barne- og likestillingsdepartementet. Frode Aga har kontakta kommunane som er representerte. Vi takkar kommunane for deira interesse og bidrag.

Vi håpar at eksempla i heftet vil gje inspirasjon til det vidare arbeidet i alle kommunar i Noreg.

Barne- og likestillingsdepartementet, april 2007

FN sin konvensjon om barnerettane vart ratifisert av Noreg i 1991. I 2003 vart konvensjonen inkorporert i norsk lov. Dei fleste rettane i konvensjonen er i praksis avhengig av kommunale tiltak og prioriteringar. Kommunane har ei nøkkelrolle i realiseringa av konvensjonen. Eit av hovudprinsippa er rett til medverknad, som kjem til uttrykk i artikkel 12:

- 1) Partane skal sikre eit barn som er i stand til å danne seg eigne sjølvstendige meiningar, retten til fritt å gi uttrykk for desse synspunkta i alle forhold som gjeld barnet, og leggje tilbørleg vekt på desse synspunkta i samsvar med alderen og modninga hans eller hennar.
- 2) For dette formålet skal barnet særleg få høve til å bli høyrte i all rettsleg og administrativ saksbehandling som gjeld barnet sjølv, anten direkte eller gjennom ein representant eller eit eigna organ, på ein måte som er i samsvar med saksbehandlingsreglane i nasjonal rett.

Rett til medverknad i barnehage

BARNEHAGELOVEN

§ 3. Barns rett til medvirkning

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet.

Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet.

Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.

- Det handlar om haldningar

Sidan 2001 har Ski kommune jobba aktivt med å gi born i barnehagane rett til medverknad i eigen kvardag.

- Det handlar om å få inn dei rette haldningane hjå oss vaksne. Dei tilsette må heile tida ha born sin rett til medverknad med seg i tankane, seier leiar for barnehagesektoren i Ski kommune, Bente Aronsen.

I 2001 sette dei i gang pilotprosjektet "Barns rett til medvirkning", eit opplegg som no er innarbeidd i alle barnehagane i kommunen.

- Det viktigaste er at den vaksne lyttar til barnet si stemme og anerkjenner barnet sin rett til egne meiningar, kjensler og opplevingar. Men samstundes har vi heile tida lagt vekt på at born sin rett til medverknad ikkje betyr å gje slepp på kontrollen, seier Aronsen.

Førebyggjande

Resultatet er born som har langt større innverknad på kva aktivitetar som blir planlagde i barnehagen. Dei vel oftare meir bevisst mellom aktivitetar. Dei får bestemme innhaldet i leik, måltid og påkledning i større grad enn tidlegare. Dei får større gjennomslag for forslaga sine. Dei blir tekne med på råd. Dei delte på barnemøte om aktuelle tema. Dei blir oftare delte inn i smågrupper

i kvardagssituasjonar og leik, slik at dei lettare kan nå fram med ønskja og tankane sine.

- Dette arbeidet er svært viktig i eit førebyggjande perspektiv, både når det gjeld mobbing og andre ting born kan slite med i kvardagen sin. Det er viktig å lære born å setje ord på korleis dei har det heilt frå dei er små, seier Aronsen.

I Ski har dei jobba ut frå filosofien om at kvar dag i barnehagen har stor innverknad for barnet seinare i livet. Kvar enkelt barn må øve seg på å fungere i eit demokratisk samfunn heilt frå dei er små.

- Å gi barn rett til medverknad handlar om å vekke eit større engasjement og styrke born sine ferdigheiter og sjølvkjensle som gjer dei til aktørar i sine egne liv. Gjennom å gjere born betre rusta til å uttrykke egne behov frå dei er små, gir vi dei samstundes sjansen til å ta ansvar over seg sjølv og egne handlingar også vidare i livet.

Meir fleksibelt

Dei tilsette i barnehagane i Ski meiner arbeidstilhøva deira har blitt betre etter at born sin rett til medverknad blei ein del av kvardagen. I ei gransking gjort av Ski kommune, seier dei mellom anna at dei har blitt meir fleksible i jobben, dei har meir opne planar for innhald, dei er meir bevisste på

kva dei seier til borna, dei let borna grunngje sine egne val, dei brukar oftare observasjonar, intervju og barnesamtalar i arbeidet sitt og dei har blitt flinkare til å tolke signala til borna.

- Det er lett å låse seg fast ved å stille lukka spørsmål. Difor har vi hatt fokus på å stille opne spørsmål. Eit klassisk eksempel vi plar trekke fram her i Ski er det om den vesle guten som har vore på fisketur med far sin, og som vil fortelje om opplevinga i samla gruppe. Den vaksne opnar med å spørje kor mykje fisk dei fekk, men for barnet var det å fiske faktisk underordna med turen. Alt det andre han gjorde saman med faren var det han hadde lyst å fortelje om, men det får han ikkje sjansen til å fortelje om no fordi inngangsspørsmålet er lukka, seier Aronsen.

Paradigmeskifte

Ansvarleggjering av kvar enkelt tilsett har vore viktig i arbeidet med born sin rett til medverknad.

- Korleis vi vaksne er, har mykje å seie for born sin medverknad. I Ski har vi vore svært opptekne av å gi meir ansvar til barnehageassistentane. Vi har gitt dei ein meir meningsfylt jobb, og når dei tilsette føler seg meir verdifulle på arbeidsplassen, har det også innverknad på korleis dei er saman med borna, seier Bente Aronsen, som har fått positive tilbakemeldingar frå dei tilsette etter at endringane i barnehagane blei gjennomførde.

- Det blir nærast snakka om tida før og etter "Barns rett til medvirkning" i Ski kommune om dagen. Trivselen på arbeidsplassen har auka, og dei tilsette føler at arbeidet dei gjer er meningsfylt. Det kjem både borna og dei vaksne til gode, seier Aronsen.



MEDVERKNAD: I seks år har Ski kommune jobba aktivt med å gi barnehageborna rett til medverknad i eigen kvardag.

”Vårt daglege brød”

Når ein ny brødtype skal på bordet i Kråkstad barnehage i Ski, får borna sjølve vere med å bestemme kva type dei skal ha.

- Det høyrer kanskje banalt ut, men borna blir stolte når dei får vere med å ta slike små avgjerder. Og det skulle jo berre mangle at ikkje borna sjølve, som faktisk skal ete brødet kvar dag, får seie sitt når vi skiftar brødtype, seier pedagogisk leiar Agnethe Løken Svinningen i Kråkstad barnehage. Ho ramsar opp fleire døme på kva borna i barnehagen får ha eit ord med i laget:

- Det kan vere så enkelt som at dei får velje kva lue dei skal ha på seg, eller kva aktivitet vi skal legge opp til innanfor eit visst tema. Og dersom borna endeleg har slått seg til ro og leikar godt saman, treng ikkje vi vaksne å bryte opp, sjølv om klokka eller vekeplanen seier vi skal gjere det. Vi må vere fleksible, men vi legg sjølvstendig ikkje opp til noko barneanarki. Alt blir gjort innafor rammer sett ned av vaksne, seier Løken Svinningen.

Større tillit

Løken Svinningen meiner det er lett å merke resultat. Mellom anna har tilliten mellom borna og dei vaksne blitt større.

REINSKA OPP: - Det første vi gjorde var å reinske opp i alle reglane vi hadde. Vi spurde oss sjølve kvifor vi hadde dei, og kven dei egentleg var til for, seier pedagogisk leiar Agnethe Løken Svinningen i Kråkstad barnehage. Leiar for barnehageetaten i Ski, Bente Aronsen (t.v.) er samd.



- Det at borna blir lytta til og tekne på alvor, har ført til at dei har lettare for å akseptere eit nei. Og seier vi at dei skal få lov til noko men ikkje akkurat no, så passar dei på å minne oss på det når det har gått ei stund. Dei stolar på at vi meiner det vi seier, seier ho.

Å dele borna inn i mindre grupper, både i leik og samtale med vaksne, har vore eit viktig tiltak for å lukkast.

- For å få dei mest inneslutta borna til å opne seg opp, har vi hatt svært gode røynsler med å dele borna inn i mindre grupper. Det er ikkje alle som torer å ytre seg når alle borna er samla, men i små forsamlingar kjem dei til orde.

Vågar meir

Gradvis har fleire born som har hatt vanskar med å ytre seg i store grupper, blitt tøffare i større forsamlingar.

- Vi har faktisk sett at born som etter å ha snakka ut i små grupper også vågar å opne seg opp i større grupper. Det skal ikkje vere den sterkaste sin rett som gjeld lenger. Ein annan stor fordel med små grupper, er den auka tilgangen kvart barn får til oss vaksne, seier Løken Svinningen, som meiner dei vaksne også har fått ein langt betre arbeidskvardag etter kursendinga i Ski-barnehagane.

Borna brevvekslar med styraren

Då jungelrommet i Stokka barnehage skulle gjerast om til fiskerom, ville vesle Sondre kjøpe fiskeleiker på IKEA. Då skreiv han brev til styraren.

- Sondre hadde høyrte at dei hadde slike leiker der, og då lurte han på om det var mogleg å reise dit for å handle til fiskerommet, seier styrar Sonja Iversen, som skreiv svarbrev tilbake til guten i Stokka barnehage i Stavanger.

- Når eg får brev med ønske frå nokon av borna, så skriv eg brev tilbake til dei. Av og til må eg fortelje at vi ikkje har pengar til å gjere innkjøpa akkurat no, medan andre gonger gir eg eit positivt svar. I Sondre sitt tilfelle, skreiv eg tilbake at han kunne få ta med seg ein vaksen på avdelinga, og at dei saman kunne kjøpe inn fiskeleiker til fiskerommet, seier Iversen.

I Stokka barnehage har dei i ei årrekke vore opptekne av å gi borna rett til å medverke i sin eigen kvardag. Iversen seier det handlar om å ta borna på alvor og gi dei demokratiopplæring frå dei er små.

- Den gode, gamle forslagskassa der borna kan skrive om ting dei har på hjartet har vore, og er framleis, veldig viktig for oss. Vi har heile tida jobba tett med foreldra slik at dei saman med borna sine kan skrive ned kva ungane ønskjer å fortelje oss vaksne og dei andre borna i barnehagen. Det kan vere alt frå ting dei tykkjer er kjekke eller dumme, eller ting dei ønskjer å gjere i barnehagen, seier Iversen.

Ein gong i veka blir lappane frå borna lesne opp på eit barnemøte.

- På møtet sit borna i ein halvsirkel, og vi har møteleiar og referent som lagar referat frå det som blir sagt. Boka med møtereferat blir lagd fram, slik at alle foreldra til borna kan følgje med på kva som blir sagt og gjort i barnemøta, seier Iversen og trekker fram to eksempel frå dagens ”post” i forslagskassa.

- Ine fortel at mormor og morfar har vore på ferie, og ei anna jente skriv at ho har lyst til å ha pysjamasfest på avdelinga Maurtua. Det hender dei får gjennomslag for forslaga sine, men dei har ingen problem med å ta nei for eit nei. For vi kan sjølvstendig ikkje gjennomføre alt dei ønskjer, og born er jo gjerne slik at dersom Ine foreslår pysjamasfest ein dag så kjem det gjerne fire-fem ønskje om det same like etter, seier Iversen.

Men vel så viktig som å brevveksle og lese forslag frå forslagskassa, er det å observere barnegruppa. Det er viktig at dei vaksne lyttar og samtalar for at borna skal kunne involvere seg og bli høyrde.

- Vi i Stokka barnehage ønskjer at borna skal få uttrykke seg og få innverknad på alle sider ved livet i barnehagen. Born sin rett til ytringsfridom må bli teken på alvor. Både kroppslig og språkleg gir borna uttrykk for korleis dei har det i barnehagen. Dei minste formidlar gjerne sine synspunkt ved kroppshaldningar, mimikk og andre kjenslemessige uttrykk. Borna må bli stimulerte til å tenkje sjølv, og dei må bli oppmuntra aktivt til å gi uttrykk for tankane sine i meiningar. Vi i personalet må ta utgangspunkt i desse ytringane når borna sine rettar som deltakarar i barnehagen skal ivareta, seier Iversen.

Inspirert av Reggio Emilia

Arbeidet med medverknad som blir gjort i Stokka barnehage i Stavanger er inspirert av den italienske Reggio Emilia-filosofien.

Medverknad er noko som blir sterkt vektlagt i Reggio Emilia-filosofien, og på bakgrunn av observasjonar gjorde av dei vaksne, blir ulike interesser sett an i barnegruppa. Det er samstundes viktig at dei vaksne lyttar og samtalar for at borna skal kunne involvere seg og bli høyrde. Dokumentasjon og synleggjering av temaarbeid og borna sin barnehagekvardag er viktig informasjon til foreldra.

- Dersom vi som vaksne skal gi borna ei kjensle av at dei har vore med på å bestemme noko, må den vaksne sjå etter spor hjå ungane. Kva er det Per har til interesse? Kva likar Ine å gjere? Slike ting må vi finne ut av, seier styrar Sonja Iversen i Stokka barnehage.

Kjenneteikna i Reggio Emilia er at borna arbeider med tema over ein periode, det blir lagt vekt på at borna er fødte forskande, og at dei stiller spørsmål kring korleis ting fungerer. Det blir dessutan lagt vekt på skapande arbeid, og observasjon er ein viktig arbeidsmetode. I tillegg står altså dokumentasjon og synleggjering av arbeidet i barnehagen sentralt.

Frå rammeplanen, 1.5 Medverknad

FN sin barnekonvensjon legg vekt på at barn har rett til å seie kva dei meiner om alt som gjeld dei sjølv, og at meiningane til barn skal telje. Barn har rett til å uttrykke seg og få påverknad på alle sider av livet i barnehagen. Kor omfattande medverknaden er, og korleis retten til medverknad blir praktisert, er avhengig av alder og funksjonsnivå. Barn må både få oppleve tilknytning og fellesskap og kjenne at dei kan bestemme sjølv og uttrykke eigne intensjonar. Barn må støttast til å leve seg inn i andre sin situasjon og til å ta omsyn til andre.

Både kroppslig og språkleg gir barn uttrykk for korleis dei har det. Dei yngste barna formidlar synspunkta sine med kroppshaldningar, mimikk og andre kjensleuttrykk. Barna skal takast på alvor når dei gir uttrykk for kjensler. Barn må få støtte til å undre seg og stille spørsmål. Dei må oppmuntrast aktivt til å gi uttrykk for tankar og meiningar, og møte anerkjenning for uttrykka sine. Når sjølvkjensla til barn blir krenkt, er det ein kime til omsynsløyse, mobbing og manglande empati.

Barnehagen må ta utgangspunkt i korleis barna uttrykkjer seg. Personalet må lytte og prøve å tolke kroppsspråket og vere observante i forhold til handlingane, det estetiske uttrykket og etter kvart òg det verbale språket. Barnehagen må gi rom for dei ulike perspektiva til dei ulike barna og vise respekt for intensjonar og opplevingsverder. Retten barn har til ytringsfridom, skal vernast, og medverknaden må integrerast i arbeidet med innhaldsområda til barnehagen. For at barna skal kunne medverke, må det vere god kommunikasjon mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra.

Retten barn har til medverknad, krev tid og rom for å lytte og samtale. Den pedagogiske verksemda må organiserast og planleggjast slik at det blir tid og rom for barna til å medverke. Slik kan dei bli motiverte til å påverke kvardagen i barnehagen. Barn må erfare tydelege og ansvarsfulle vaksne som tek omsyn til heile gruppa.

Brukarmedverknad i skulen

Bygde ny skule med elevhjelp

Elevar frå elevrådet ved Andebu ungdomsskole sat i prosjektgruppa då skulen blei renoverert og bygd ut. Dei hadde klare idear om kva den nye skulen skulle innehalde.

- Vi trong større plass, og var nøydd til å bygge på skulen fordi vi fekk inn fleire elevar med store hjelpebehov. Og når vi først skulle utvide bygget, fekk vi samstundes høve til å renovere den gamle skulen, seier Jan-Erik Pedersen om det store byggeprosjektet ved Andebu ungdomsskole.

Han meiner det var naturleg å få med seg elevane når ein "ny" skule skulle formast.

- Dei visste like godt som lærarane kvar skoen trykte, og over tid hadde dei fått kjenne på kroppen at vi hadde vore trongbudde. Det var viktig å få deira innspel og tankar rundt kva den nye skulen burde innehalde, seier Pedersen.

Klar ønskeliste

Kommunen leigde inn eit rådgjevande ingeniørkontor til å drive eit forprosjekt. I dette forprosjektet blei det sett saman ei prosjektgruppe som kom med forslag til ulike løysingar for bygget. I prosjektgruppa sat to 10. klassingar saman med ei prosjektleiing, representantar frå teknisk etat i kommunen, rektor, oppvekstsjef, verneombod, tillitsvalde for lærarane og ein ergoterapeut. Elevane hadde med seg ei klar ønskeliste til møta i prosjektgruppa.

- Nye enkelttoalett inne i skulebygningen, grupperom som var tilknytt klasseromma, elevskåp, mediatek med dataavdeling og bibliotek og ei elevkantine var blant dei viktigaste tinga dei ønskte seg og fekk gjennomslag for. I tillegg var dei veldig interesserte i å få på plass eit auditorium, eit rom som er svært populært blant elevane i dag.

Studieturar

Rektoren legg til at prosjektgruppa var ute på fleire studieturar i samband med utvidings- og renoveringsprosjektet.

- Både vi og elevane henta ein del inspirasjon frå det vi såg på andre nye skular.

- Dersom elevane ikkje hadde vore med i prosjektgruppa, ville skulen sett annleis ut i dag?

- Det er vanskeleg å seie noko sikkert om det. Det er godt mogleg at andre ville komme med dei same forslaga som det elevane gjorde, men vi er i alle fall nøgde med den innsatsen dei gjorde. Vi er også nøgde med korleis skulen fungerer i praksis. Det einaste som er dumt er at dei to elevane som var med i prosjektgruppa ikkje fekk høve til å gå på den nye skulen sjølve.

Arbeidet med Andebu ungdomsskole starta i januar 2003, og skulen sto ferdig til jul i 2004.

"Elevråd" for kvart klassetrinn

På ungdomssteget ved Kjøkkelvik skole i Bergen har kvart klassetrinn sitt eige trinnråd.

- I L97 sto det klart at elevane skulle vere delaktige i eiga utvikling og vere med på å utarbeide eigne planar. Slik organiseringa var hjå oss med eitt elevråd for alle klassetrinna, såg vi at det vart vanskeleg å gjennomføre det i praksis. Det blei rett og slett for mykje for elevrådet å jobbe med innhald i skulen og samstundes ta seg av andre elevrådsoppgåver, seier teamleiar for 8. trinn ved Kjøkkelvik skole, Evy Oppegaard.

Ho var med å arbeide fram ulike organisasjonsmodellar på bergensskulen som til slutt munna ut i eit eige trinnråd for kvart enkelt klassetrinn.



TRINNRAÐ: Dette biletet er teke på eit trinnrådsmøte på 10. trinn ved Kjøkkelvik skole i Bergen våren 2006.

- Kwart trinnråd består av to elevar frå kvar klasse, og dei er saman med ein lærar frå trinnet. Arbeidet som blir gjort her, frigir mykje tid for skulen sitt elevråd, seier Oppegaard og forklarar kva trinnråda arbeider med:

- Årsplanen vår er delt inn i seks periodar, og for kvar periode utarbeider vi eit temahefte som inneheld plan for alle dei seks vekene i perioden. Det som er viktig er at vi set oss kompetansemål for å vite kva vi skal fram til. Felles for alle faga er at vi har nokre metodemål og nokre sosiale mål vi skal nå. Desse er elevane med og utarbeider. Dei har og si eiga side i temaheftet – Trinnrådets side.

Fagleg er det framleis lærarane som bestemmer. Rammene er klare, men også her får elevane komme med innspel til korleis ein skal nå desse måla, til dømes med kva for metodar vi skal nytte. Det har og hendt at elevar har vore med å utarbeide heile planar med fagleg innhald.

- Vi kan oppleve at elevar ikkje er engasjerte i eiga læring, og fordelen med å gi dei medansvar er at dei blir engasjerte i undervisninga. I tillegg blir dei lærde opp i demokratiske arbeidsprosessar, seier Oppegaard.

Trinnråda har også stått bak større fellesarrangement for klassetrinna sine.

- Dei har mellom anna arrangert idrettsdagar og ein julemarknad der inntektene gjekk til Frelsesarmeen. Vidare har faktisk ein del av trinnrådselevane og elevar frå elevrådet i småskulen halde foredrag for lærarar frå eigen og andre skular.

- Kva har dei snakka om då?

- No som vi har vore demonstrasjonsskule, har eit av emna vore nettopp elevmedverknad og trinnråd.

- Korleis blir trinnråda sett saman?

- Det hender vi har val, mens andre gonger kan elevane søke på ei slik oppgåve. Det varierer frå kull til kull i grunn, og det er mykje opp til dei sittande trinnråda å bestemme. Når dei byrjar på ungdomssteget i 8. klasse, kan det vere greitt å gjennomføre eit val, men så er trinnrådet med på å bestemme korleis det skal gjerast neste år, seier Oppegaard.

Kjøkkelvik skole har brukt modellen med trinnråd sidan 2000.

OPPLÆRINGSLOVA

§ 11-2. Elevråd ved grunnskolar

Ved kvar grunnskole skal det for årstrinna 5-7 og for årstrinna 8-10 vere eit elevråd med representantar for elevane. Kommunen fastset talet på elevrepresentantar. Representantane skal veljast seinast tre veker etter at skolen har teke til om hausten.

Ein medlem av undervisningspersonalet på skolen skal ha som oppgåve å hjelpe elevrådet i arbeidet. Denne elevrådskontakten har møte- og talerett i elevrådet.

Leiaren for elevrådet kan kalle inn til møte i rådet i samråd med elevrådskontakten. Rådet skal i alle høve kallast inn når ein tredel av medlemmene i rådet eller rektor krev det.

Elevrådet skal fremje fellesinteressene til elevane på skolen og arbeide for å skape godt lærings- og skolemiljø. Rådet skal også kunne uttale seg i og komme med framlegg i saker som gjeld nærmiljøet til elevane.

Endra med lover 27. juni 2003 nr. 69 (i kraft 1. aug. 2003, etter res. 27. juni 2003 nr. 774), 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17. juni 2005, etter res. 17. juni 2005 nr. 660).

§ 11-6. Elevråd og allmøte ved vidaregåande skolar

Ved kvar vidaregåande skole skal det vere eit elevråd med minst ein medlem for kvar tjuande elev. Elevrådet blir valt ved skriftleg røysting.

Elevrådet skal blant anna arbeide for læringsmiljøet, arbeidsforholda og velferdsinteressene til elevane.

Dersom elevrådet eller ein femdel av elevane ønskjer det, skal det haldast allmøte for elevane på skolen. Elevrådet er bunde av vedtak i allmøte i saker som er nemnde i innkallinga til møtet når meir enn halvparten av elevane

”No pussar vi opp kantina!”

Tre år på rad har elevrådet på Brundalen videregående skole i Trondheim sagt klart frå om kva som bør pussast opp på den nedslitne 70-talsskulen. Kvar gong har dei vunne fram med ønskja sine.

- Brundalen videregående skole sto ferdig rundt 1970, og det er ikkje til å legge skjul på at vi har store utfordringar med vedlikehald og det å halde skulen i god stand, seier rektor Jan Erik Vold.

Bit for bit må gigantskulen i Trondheim pussast opp, og elevane får ha eit ord med i laget når prioriteringane blir gjorde.

I 2005 blei renovering av kantina sterkt fronta av elevrådet, og det gav resultat. I dag har skulen ei splitter ny elevkantine. I 2006 var det golva i tre gymnastikksalar ved skulen som sto høgst på prioriteringslista til elevrådet. Også i den saka fekk dei gjennomslag. I år er det garderobane og dusjanlegga som skal pussast opp etter ønskje frå elevane.

- Det gjer vi på tross av at det finst andre rom på skulen som nok har endå større behov for eit ansiktsløft, seier Vold.

Det er ikkje småpengar som blir brukte på prosjekta. På kantineprosjektet gjekk det ein halv million og på gymsalgolva brukte skulen rundt 500-600.000 kroner.

1300 elevar går på Brundalen videregående skole. Elevane er spreidde over 12 blokker, og kvar av blokkene har sine eige elevråd. Dei 12 elevråda er igjen delte inn i eit elevrådsstyre for heile skulen. For å halde god kontakt med elevane, har skuleleiinga gjennom rektor eller ein av inspektørane eit fast møte med elevrådsstyret ein gong i veka.

- Sjølv om skulen er stor, så er målet vårt å ha så nær kontakt med elevane som mogleg. Då må det vere kort veg til rektor for både elevar og tilsette. Ved å ha eit fast møte med elevrådsstyret ein gong i veka, blir kontakten god.

Men rektoren legg ikkje skjul på at det framleis er store utfordringar knytt til kontakten med elevane.

- Det som ofte skjer er at kommunikasjonen mellom elevrådsstyre og rektor og skuleleiinga blir betre enn kva den er ned mot elevmassen. For elevrådet og elevrådsstyret kan det vere krevjande å halde kontakten med mange elevar.

Ved Brundalen videregående skole er elevrådsstyret sin leiar også leiar for skuleutvalet. Skuleutvalet består av to politikarar frå Sør-Trøndelag Fylkeskommune, ein frå NHO, ein frå LO, nokre tilsette, rektor og to-tre elevrådsrepresentantar.

- Vi har hatt ein elev som leiar i skuleutvalet dei fire-fem siste åra, og intensjonen er å gi elevane meir medverknad. Eg veit ikkje kva det er betydd i praksis, men viss ein elev er veldig aktiv og kreativ i den rolla, så kan vedkommande få gjort mykje. Kanskje gir det også ein signaleffekt til elevane om at vi tek dei på alvor, seier Jan Erik Vold.



NY KANTINE: Kantina på Brundalen videregående skole har fått eit skikkeleg løft etter påtrykk frå elevane. (FOTO: Tone Andersen, elev 3MK1)



NYE GOLV: I 2006 var det rehabilitering av golva i tre gymnastikksalar ved skulen som sto høgst på prioriteringslista til elevrådet. I dag framstår gymsalane på ein heilt annan måte enn tidlegare. (FOTO: Tone Andersen, elev 3MK1)

Styrkar elevråda med kommunalt elevråd

Det kommunale elevrådet i Ski skal heve nivået på alle dei 13 elevråda i kommunen. – Målet er å gjere elevrådsarbeidet endå meir profitt.

Det seier Ellen Nylenna i Ski kommune. Ho er ansvarleg for det kommunale elevrådet som blei starta i byrjinga av 2006.

- Vi ønskjer å hjelpe elevane til å drive gode elevråd i Ski kommune, og røynslene vi har gjort oss etter eitt år med kommunalt elevråd er svært bra, seier Nylenna.

Tanken er at det kommunale elevrådet skal vere ein stad der elevrådsleiarane kan dele erfaringar og ta lærdom av kvarandre.

- Elevane kan til dømes fortelje om korleis dei organiserer OD-dagen, kva enkeltsaker dei jobbar med og ikkje minst korleis dei arbeider for å komme mobbing til livs på sin skule. Og dersom det er eit elevråd som ligg nede, har vi lettare for å fange opp kva som er galt og gjere noko med det, seier Nylenna.

Elevrådsseminar

Det kommunale elevrådet har også arrangert seminar for alle dei nyvalde styra i elevråda i Ski.

- Elevrådsseminaret var både populært og nyttig, og det var eit ledd i det å styrke elevane i det arbeidet dei skal gjere. Vi ønskjer heve statusen på elevrådsarbeidet og løfte det fram som noko meningsfylt.

"Samarbeidsrådet" har representantar frå alle dei 13 elevråda i Ski kommune, og dei har i tillegg eit arbeidsutval som består av ein leiar, ein nestleiar og eit styremedlem. Ellen Nylenna er sjølv sekretær for dette utvalet, og ho meiner det er viktig med god vaksenoppfølging dersom det kommunale elevrådet skal fungere.

- Det handlar om ungt ansvar og vakse nærvær. Borna og ungdommane må få mykje oppbacking. Dei folka som er med i elevråda blir skifta ut kvart år, og for å få kontinuitet er det spesielt viktig med vaksenretteiing. Men vi skal ikkje ha nokon vaksne som blandar seg inn i kva som er lurt å seie eller ikkje. Det styrer elevane sjølve, presiserer Nylenna.

Ein frå kvar skule

Det kommunale elevrådet treffest to gonger kvart semester, og det er berre elevrådsleiarane som skal møte.

- Fleire av lærarane og rektorane var skeptiske til at berre ein elev frå kvar skule skulle vere med, men den frykta har synt seg å vere ugrunna. Det har fungert veldig godt, seier Nylenna.

Innverknadsorgan for born og ungdom

Full rulle med Rådhusmøtet

Rådhusmøtet i Porsgrunn gir born og unge sjansen til å gjere raske grep som gir raske resultat.

Ein gong i året får nemleg born og ungdom frå alle skulane i Porsgrunn dele ut pengar til straks-tiltak i kommunen.

- Gjennom Rådhusmøtet har det blitt sett i verk mange tiltak i porsgrunnsområdet. Gang- og sykkelveggar, fotballbaner og skateanlegg er berre noko av det som har komme på plass etter ønskje frå ungdommane sjølve, seier oppvekstkoordinator Kjell Lillestøl i Porsgrunn kommune.

Målet med Rådhusmøtet er å få ein så hurtig saksgang gjennom det kommunale byråkratiet som mogleg.

- Vegen frå idé til vedtak og gjennomføring skal ikkje vere demotiverande lang, seier Lillestøl.

Siler ut saker

Før det faste Rådhusmøtet i mai har skuleklassane komme med forslag til tiltak dei meiner bør gjennomførast i sine nærrområde. Seinare blir dei viktigaste sakene silte ut og tekne opp på møtet. Ofte er det små investeringar som skal til for å imøtekomme ønskja til borna og ungdommane. Men det hender også at forslaga blir starten på større investeringar.

- Gjennom prosessen via klasseråd, elevråd og fram til Rådhusmøtet, kjem det inn massevis av forslag. Ofte er det kostbare idear som blir framlagde, og desse forslaga blir spelte inn mot ulike etatar i kommunen. Resultatet er at det kvart år blir brukt store summar frå kommunale budsjett på tiltak som er føreslått av born- og unge, seier Lillestøl og trekker fram ein ny gang- og sykkelveg på Herøya som eksempel på at det er mogleg å få sett i gang store prosjekt i etterkant av Rådhusmøtet.

- Der blei det bygt ny veg til 700.000 kroner, seier Lillestøl.

Han legg til at innspela borna og ungdommane kjem med, ofte kan setje lys på saker og problemområde som politikarane ikkje har visst om.

- I 2006 kom det fram at det var store hol i vegen i nærleiken av Brevik skole. Folk datt og blei skadde når dei sykla i området, men dette var noko politikarane ikkje var klare over. Dei bestemte seg for å setje av ein million kroner til å utbetre vegen. Liknande eksempel har vi kvart år.

Motiverande

Eit anna mål med møtet er å skape direkte dialog mellom born og unge på den eine sida og politikarar og etatsjefar på den andre sida, og Lillestøl trur Rådhusmøtet er viktig for å motivere dei unge til å gjere ein innsats.

- Når det samla kommunebudsjettet i Porsgrunn er på 1,4 milliardar kroner, seier det seg sjølv at pengane Rådhusmøtet fordeler er peanuts i det store biletet. Men det er viktige peanuts. Det er viktige pengar som verkar motiverande på dei unge.

Jobbar for færre "dropouts"

Talet på "dropouts" frå den vidaregåande skulen i grenlandsområdet ligg langt over landssnittet. Det vil Ungdomsutvalet i Porsgrunn gjere noko med.

35 prosent av ungdommane i regionen har ikkje fullført den vidaregåande skulen innan dei er 21 år, medan landssnittet ligg på 25 prosent.

- Grenland, Moss og Sarpsborg er dei områda som ligg desidert høgast i talet på "dropouts" i landet, og det har nok litt med kultur og tradisjonar å gjere. Alle desse stadene har sterke industritradisjonar, og det var gjerne slik at dersom du slutta i skulen ordna det seg likevel med jobb. I dag er situasjonen annleis, og skal vi lukkast å snu den negative trenden, må det gjerast noko med organiseringa av skulen. Dette har høgste prioritet i Ungdomsutvalet dette året, seier oppvekstkoordinator Kjell Lillestøl i Porsgrunn kommune.

Ut i lokalsamfunnet

Ungdommane har difor sett nærare på eksempel frå New Zealand, Australia og USA der service learning over ein lengre periode har gitt gode resultat i arbeidet med å halde elevane i skulen. Service learning handlar rett og slett om å bruke elevane sitt engasjement i lokalsamfunnet i undervisninga og omvendt.

- Skulen slik den er i dag, er temmeleg isolert frå resten av samfunnet. Gjennom service learning vil Ungdomsutvalet at elvene skal komme seg ut i lokalsamfunnet og gjere nytte for seg. Det kan dreie seg om å jobbe ein dag i veka på sjukeheimen eller å vere utplassert i ei lokal verksemd. Service learning kan vere så mykje, seier Lillestøl, som trur modellen kan vere eit godt alternativ for ungdommar som har gått lei av skulen.

- Dagens yrke krev gjerne meir kompetanse og utdanning enn kva som var tilfellet tidlegare, og Ungdomsutvalet ønskjer ikkje at det einaste svaret skulelei ungdom bli møtt med er: "Beklagar, du må nok uansett gå på skule i 10-15 år til for å få deg ein skikkeleg jobb".

Gode resultat

Men service learning skal ikkje berre vere eit alternativ for dei som er skuleleie. Røynsler frå andre land syner mellom anna at det gir dei fleste elevane ei større forståing for kva ein lærer og kvifor, elevane får gjort nytte for seg og blir sett på som ein ressurs for samfunnet og elevane oppnår betre resultat i skulen og skilnadene mellom dei sterke og dei svake elevane blir utjamna.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe i Ungdomsutvalet som skal jobbe spesielt med denne saka.

- Ungdomsråd er eit minimumskrav

Kommunane må legge tilhøva til rette for at born og unge sine stemmer blir høyrde. Det viktigaste er å få på plass ein dyktig og engasjert vaksenressurs.

Det meiner leiar Kjerstin G. Lundgård i Ungdommens fylkesting i Hedmark. Ho har lang erfaring både frå elevråd, barnas- og ungdommens kommunestyre og ungdommens fylkesting.

- Det er stor skilnad mellom det å høyre på ungdommen og det å ta det dei seier på alvor. Eg trur nettopp det å bli tekne på alvor er ei utfordring for veldig mange ungdommar rundt om i Noreg, og her har kommunane ein jobb å gjere, seier Lundgård.

- Kva skal kommunane gjere for å legge til rette for meir medverknad?

- Eit minimum er å ha eit ungdomsråd, og det må finnast ein vaksenressurs som står til disposisjon for ungdomsrådet. Det må vere ein person som har kunnskap om korleis det demokratiske systemet er bygd opp, og korleis saksgangen er i kommunen. Denne vaksenressursen må også vere genuint oppteken av barn og unge sin medverknad, og personen må vere interessert i å gjere noko for å hjelpe dei unge i kommunen, seier Lundgård.

- Og då er det ikkje nok med ei stilling på 10-15 prosent?

- Nei, det må nærast vere ei fulltidsstilling dersom noko skal bli gjort.

Lundgård understrekar også kor viktig det er at ungdomsrådet føler at det blir teke på alvor.

- Eit ungdomsråd kan fort bli supperådaktig dersom det ikkje blir jobba systematisk. Det må finnast ein direkte kontakt mellom ordføraren og ungdomsrådet, og så må det få jobbe med heilt konkrete saker.

Men ho påpeikar at dei unge sjølve også har eit ansvar for å bli høyrde.

- Det skjer ikkje noko utan at du tek eit initiativ sjølv, seier Lundgård, og oppmodar difor ungdommar til å bruke tida på ungdomsrådmøta godt.

- Skal du bli teken på alvor, må du ta kontakt med kommunen din på ein seriøs måte. Det kan vere gjennom ein søknad eller ein uttale til rådmannen der du



GØY: Kjerstin G. Lundgård frå Stange er leiar i Ungdommens fylkesting i Hedmark. Ho meiner kommunane må ta barn og unge sine stemmer på alvor, og at dei må legge til rette for medverknad i saker som vedkjem desse gruppene.

konkret listar opp kva ønskja dine er. Har du sendt eit formelt brev til kommuneleiinga, så er du i alle fall garantert eit svar. Dette er ein langt meir seriøs måte å jobbe på, enn berre å pludre på eit ungdomsrådmøte. Skal du ha medverknad, må du gjere noko for det sjølv også.

Sjølv har den engasjerte 21-aringen gjort nettopp det. Ho har sete i elevråd på både barneskule, ungdomsskule og på vidaregåande. I tillegg har ho vore aktiv i Barnas og ungdommens kommunestyre i Stange kommune, og dei siste åra har ho vore leiar for Ungdommens fylkesting i Hedmark.

- Det er kanskje ikkje så mange 21-aringar som jobbar for å skaffe ungdom meir medverknad, men eg tykkjer det er viktig at det er nokon som heng med ei stund. Dersom folk sluttar å vere aktive den dagen dei fyller 18 år, misser du samstundes viktig kontinuitet i saker som er under arbeid. Det kan ta tid å få gjennomslag for ønska sine.

Sjølv er ho vald til leiar på ungdomstinget i Hedmark fram til oktober 2007.

- Men når den perioden er over, så får det vere nok. Men vi får sjå om eg klarar å halde meg heilt vekke. Eg kunne godt tenke meg å hjelpe til dersom det trengst, og eg håpar eg framleis kan bli brukt som ein ressursperson, seier ho og legg til:

- For det er jo frykteleg morosamt då!

Om arbeidet vil bli vellukka, er avhengig av faktorar som:

- Klare retningslinjer/mandat - som blir vurderte jamleg.
- Avklaring av korleis saker born og unge kan få vere høyringsinstans, komme med eigne forslag og idear, ha innstillingsrett og ha avgjerdsmyndigheit.
- Kontakt og oppbakking frå administrasjon og politikarar i kommunen.
- Eigne ressursar til disposisjon.
- Reell innverknad i einskilde saker.
- Klare rutinar på tilbakemeldingar på ønskjer, innspel og forslag, både dei som får innverknad på kort og lang sikt og dei som ikkje vil bli følgde opp.
- Kontakt med resten av barne- og ungdomsmiljøet.
- Informasjon om kva som føregår i kommunen.
- Informasjon ut om arbeidet i ungdomsrådet.

Rundskriv Q-27/2006 Deltakelse og innflytelse fra barn og ungdom - informasjon og veiledning for arbeidet i kommunene

- Det nyttar å engasjere seg

Dei siste åra har Ungdommens fylkesting i Hedmark fått gjennomslag for fleire av sine hjertesaker:

- Ting tek tid i eit byråkratisk system, men resultatane våre syner at det nyttar å engasjere seg, seier leiar Kjerstin G. Lundgård i Ungdommens fylkesting i Hedmark, og ramsar opp nokre av sakene dei har nådd fram med i hennar heimfylke:

- Ungdommens fylkesting har fått på plass eit elev- og lærlingombod for dei vidaregåande skulane i fylket.
- Ungdommane i fylket har fått eit ungdomskort som fungerer både som skulebevis og busskort. Dei som ønskjer det kan også bruke ungdomskortet som bankkort.
- Brusautomatane ved dei vidaregåande skulane er bytta ut med vassautomatar.
- Dei har sikra ungdommane billeg og trygg skyss heim gjennom prosjektet "Heim for ein femtilapp".
- I tillegg jobbar dei aktivt med å utvide helsesøstertilbodet ved dei vidaregåande skulane i fylket.

Kommuneloven 1

Kommunal- og regionaldepartementet har etter en tolkning av kommuneloven kommet til at ungdom kan gis møte- og talerett i kommunestyret/fylkestinget. Møte- og talerett kan ungdomsrepresentanter gis selv om de ikke er valgt inn, dersom kommunestyret/fylkestinget selv ønsker å gi dem slike rettigheter. Departementet legger imidlertid til grunn at ingen andre enn de valgte representantene kan gis formell forslagsrett i folkevalgte organer.

Frå Rundskriv Q-27/2006 Deltakelse og innflytelse fra barn og ungdom - informasjon og veiledning for arbeidet i kommunene

Kommuneloven 2

Når det gjelder deltakelse i kommunale råd og utvalg kan ungdom velges som representanter med fulle rettigheter til nemnder, råd og utvalg selv om de ikke har stått på liste ved kommunestyre- eller fylkestingsvalget. Det er i utgangspunktet ingen nedre aldersgrense for valgbarhet til andre folkevalgte organer enn kommunestyret/fylkestinget, men ungdom under 15 år bør ikke gis innsyn i taushetsbelagte opplysninger.

Frå Rundskriv Q-27/2006 Deltakelse og innflytelse fra barn og ungdom - informasjon og veiledning for arbeidet i kommunene

Born og unge kan delta i plan- og avgjerdsprosessar på ulike måtar som gir ulike påverknadsmoglegheiter:

- born og ungdom deltar som informantar og rådgjevarar – som høyringsinstans
- born og ungdom bidreg med synspunkt og forslag i konkrete saker – som drøftingspartnarar
- born og ungdom er med på å bestemme – som forhandlingspartnarar.



Dialogar med born og ungdom

Ungdomssatsing = bygging

Kan ungdomsmedverknad og ungdomssatsing få folk til å vende tommelen ned for byen og vende nasen heim mot bygda? Ja, trur Vågå-ordførar Rune Øygard.

- Mykje og viktig kunnskap ligg hjå ungdom, og det er den vi ønskjer å nytte oss av og lytte til. Vi vil vite kva tankar dei har, kva ønske dei har og gjennom det håpar vi å gi dei ei så god oppleving i oppveksten sin som vi berre kan. Ungdom som trivst er den viktigaste grunnsteinen vi kan bygge samfunnet vårt på, seier Rune Øygard.

Som i mange andre små kommunar, har folketalsutviklinga i Vågå hatt ei negativ utvikling over fleire år. Det er ein trend politikarane i kommunen vil snu. Verkemiddelet er ungdomssatsing.

- Reiser dei unge ut og tek utdanninga si med tankar om at " Vågå var ein dårleg stad å vekse opp på, og dit skal eg i alle fall ikkje tilbake", så blir det vanskeleg å få folk heim att. Men skaper vi eit samfunn som ungdommane og innbyggjarane elles er stolte av, står vi sterkare den dagen dei skal etablere seg med eigen familie. Klarar vi i tillegg å få dei til å prate godt og varmt om heimkommunen sin til andre folk frå andre stader av landet, så klarar vi kanskje å rekruttere nokre til.

Vågå kommune har i fleire år satsa bevisst på ungdomsmedverknad, og Øygard trur det er mange ting i bygda som ville sett annleis ut i dag dersom ikkje den yngre garde hadde fått sagt sitt.

- Kinosalen i Kulturhuset ville truleg ikkje vore så god som den er i dag. Der var signala eintydige på at vi måtte satse på eit skikkeleg lydanlegg og høg bildekvalitet. Det gjorde vi, og det har vi fått betalt for. I dag er kinoen i Vågå den best besøkte kinoen i Gudbrandsdalen nord for Lillehammer.



BYGGER FOR FRAMTIDA: - Ved å satse på ungdommen vår, investerer vi samstundes i framtida, seier ordførar Rune Øygard i Vågå kommune. Marte Linderud er glad for den friske ungdomssatsinga i heimkommunen hennar.

- Det kom også forslag frå nokre politikarar om å rive det bygget som i dag heiter AktivitetsHUSET og som husar kulturskule og ungdomsklubb. Dette huset fekk vi på plass etter initiativ frå ungdommane. At vi har ei fulltids ungdomskonsulentstilling i kommunen er også dei unge si forteneste, meiner Øygard.

Han er ikkje i tvil om at ungdomssatsinga er viktig for heile Vågå-samfunnet.

- Det å investere i ungdommen er langt viktigare enn å bygge sjukeheimplassar. Vi skal sjølvsagt gjere begge deler, men det er ikkje til å legge skjul på at det å satse på dei unge er å bygge for framtida, mens det å opprette sjukeheimplassar er å lappe på.

Skaffar seg oversikt med barnetrakk

Horten kommune har gode erfaringar med å bruke barnetrakk i bygge- og arealsaker.

- I arbeidet med arealdelen av den nye kommuneplanen i Horten, blei det bestemt at vi skulle bruke barnetrakk på både Skoppum og Kirkebakken for å kartlegge kva område som blei brukt av borna til leik, seier landskapsarkitekt Rakel Skjerve.

Målet med å gjennomføre barnetrakkregistreringar er å synleggjere born og unge sine interesser i plansaker. Registreringane skal bidra til å dokumentere kva areal som blir nytta av born og unge, korleis dei blir brukt, og kartlegge eventuelle behov for tiltak. I februar i 2006 sette skuleelevar ved Lysheim skole på Skoppum seg saman i klasseromma for å få fram kva område dei tykte det var viktig å ta vare på i sitt nabolag.

- Det skal etter planen byggjast ny veg og jernbane i området, og det er bakgrunnen for at vi sette i gang med barnetrakkregistreringar. Vonleg vil politikarane ta resultatata frå prosjektet på alvor, seier Skjerve.

Horten kommune brukar ein metode som er utarbeidd av Vestfold fylkeskommune. Skuleelevar blir delt inn i grupper på mellom 8 og 12 personar. På kvar av gruppene blir det plassert ein eller to vaksne personar som assisterer og hjelper borna med å notere og finne fram på kart over området som skal kartleggast.

- I grove trekk så går metoden ut på at borna brukar eit kart til å fylle ut kva område dei brukar til leik. Så fyller dei vaksne ut skjema om kvart av områda og noterer kva som er spesielt med dei. Til slutt blir alle innspela samordna og lagt inn i ein digital database. Slik får vi kartlagt kva område vi må ta omsyn til også i framtida, seier Rakel Skjerve.

Horten kommune brukte barnetrakk som arbeidsmetode i ei arealsak for første gong i 2000.

- Vi har gode erfaringar med å trekke inn borna, mellom anna var dette ein sentral arbeidsmetode då ei golfbane skulle utvidast nokre år tilbake, seier Skjerve.

12 år gamle Michelle Bang frå Skoppum har vore med på det siste barnetrakket.

- Det var litt vanskeleg å finne fram på kartet, men dersom vi sto fast så fekk vi hjelp av dei vaksne. Og når vi først hadde funne fram til huset vårt og store bygg som var lette å kjenne igjen, så gjekk det fint, seier ho.

Borna var ikkje ute under barnetrakkregistreringa.

- Ein kritikk til metoden at det ikkje er lett å hugse på alle leikeområda når dei ikkje sjølve er fysisk ute i felten. Men når dei er samla i store grupper merkar vi at borna klarar å komme på mykje med hjelp av kvarandre, seier Skjerve.



BARNETRAKK: Michelle Bang, Bjørn-Kristian Svendsrud, ungdomssekretær Raymond Johnsen og landskapsarkitekt Raket Skjerve ser over karta som har blitt brukt under barnetrakk i Horten kommune.

Gjensidig respekt

"Non violent communication", gjensidig respekt, forståing og ansvar var sentrale stikkord då Bydel Gamle Oslo inviterte bydelsungdommane til ein stor ungdomskonferanse i desember. No blir konferansen eit årleg innslag i bydelen.

Prosjektet har fått namnet "Mangfold og dialog", og målet med prosjektet er å få fram ungdommane sitt syn på det å vere ung i ein multikulturell bydel som Gamle Oslo.

- Det kan vere utfordrande å vekse opp i eit miljø som er prega av mange ulike nasjonalitetar, religionar og kulturar. Det kan oppstå konflikter dersom ein ikkje er føre var, og vi ønskjer difor å gi ungdom verktøy til å løyse konflikter og problem som dei støyter på gjennom dialog, seier einskapsleiar for ungdom og kvalifisering Mehrdad Ganji i bydel Gamle Oslo.

Ein av grunnane til at prosjektet blei sett i gang var striden rundt karikaturteikningane av profeten Mohammed. Verbale og til dels fysiske konfrontasjonar blei registrert blant bydelsungdommane i skulemiljø og på ulike fritidsarenaer, og i tida under og etter striden blei tiltak for å hindre utvikling av negativ oppførsel og valdelege konfrontasjonar blant ungdommen sett på som svært viktige.

- Det er også eit grep for å komme hendingar som dei vi såg under Paris-opptøyane for ei tid tilbake i forkjøpet.

- Arbeidet går kontinuerleg gjennom heile året, og skal til slutt munne ut i ein årleg konferanse lik den som ble arrangert i år, forklarar Ganji, og legg til at bydelen er i ferd med å sette i gang fleire kurs for ungdommar i bydelen.

- Vi skal til dømes tilby kursing i bustadsøking, arbeidssøking, utdanning og privat økonomi. Samstundes kjem vi til å sette i gang eit peacekeeper-prosjekt på dei fire skulane Hersleb Skole,

Etterstad videregående Skole, Jordal Skole og Hovin Skole. Gjennom ein teoridel og ein praksisdel skal vi utdanne peacekeeperar som skal fungere som konfliktløysarar på sine skular med råd og rettleiing frå oss.

Under årets "Mangfold og dialog"-konferanse på Oslo Plaza, blei elevar frå dei same fire skulane inviterte til å bidra.

- Vi var 120 elevar og 15 vaksne samla på konferansen, og vi hadde eit variert program med ulike kulturinnslag og aktivitetar. Ungdommane var sjølve med i sketsjar og rollespel der vi var innom alvorlege tema som diskriminering, tvangsekteskap og vald. Deretter gjekk vi saman i grupper og drøfta problematikken vi nett hadde vore igjennom. Det skapte mange interessante diskusjonar, og ungdommane var heile vegen veldig nyanserte og svært positive, seier Ganji.

"Mangfold og dialog" freistar å skape eit oppvekstmiljø som er prega av positive haldningar og verdiar til oslobydelens sitt mangfald. Prosjektet har som mål å fremje dialog som kommunikasjonsform som eit alternativ til vald, samt skape gjensidig respekt blant ungdommane.

Målgruppa i prosjektet er born og ungdom som bur i bydel Gamle Oslo, dei som går på skule i bydelen og dei som er brukarar av bydelens sitt tenestetilbod.

Prosjektet skal skje i nær dialog med ungdommane sjølve. Bydelen vaktar seg for å ha ein for stram og detaljert aktivitetsplan, noko dei fryktar vil virke mot hensikta om å late ungdommane sjølve medverke aktivt.

Plan og bygningslova med Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unge sine interesser i planlegging seier at kommunane skal organisere planprosessen slik at synspunkt som gjeld born som part kjem fram og at ulike grupper born og unge sjølv blir gitt høve til å delta.

UNGDOMSKONFERANSE: Frå årets "Mangfold og dialog"-konferanse på Oslo Plaza.



Utforming av møteplassar

Planla ny ungdomsklubb

Då Årdal kommune skulle starte ny ungdomsklubb, var ei ungdomsgruppe med på å planlegge huset frå a til å.

- Vi hadde valet mellom to lokale då vi skulle få på plass ein ny ungdomsklubb på Årdalstangen - kjellaren i kommunen sitt samfunnshus og Brakka, der vi no held hus, seier ungdomsleiar Sonja Øren i Årdal kommune.

For å finne det best eigna lokalet, blei klassane på ungdomssteget inviterte til å stemme fram sin favoritt.

- Dei fekk sjå begge lokala og fekk komme med innspel og spørsmål. 90 prosent av ungdommane stemde for Brakka, noko som vart vektlagt i saksutgreiinga som vart lagt fram i slutten av prosjektperioden, seier Øren.

Fekk seie sitt

Kommunestyret gjekk for ungdomsfavoritten, og seinare fekk ungdommane sjølve vere med på å bestemme korleis den nye klubben skulle bli.

- Vi hadde faste møte og samarbeidde tett med representantar frå kommunen. Dei var lydhøyre for våre ønskje og tankar kring bygget. Dersom det var noko vi meinte ikkje ville fungere, så lytta dei til oss og kom med alternative løysingar, seier Thomas Norheim Moen (17).

Norheim Moen sat i den rådgjevande gruppa som bestemte alt frå fargar og utstyr i diskorommet, til datamaskiner og rominndeling. Han er svært nøgd med det endelege resultatet.

- Vi har fått det veldig bra. Det einaste eg angrar på i dag er at vi ikkje slo ut veggen og laga rockeverkstad større. No har vi ein gang utanfor øvingsrommet som nesten ikkje er til nokon nytte. Men det kan vi kanskje få gjort noko med seinare, seier Norheim Moen, som også var med i gjengen som bygde dei åtte PC'ane som står i nettkafeen.

- Det vart litt billegare å bygge dei sjølve, og sidan vi er ein gjeng med stor datainteresse, fann vi ut at vi ville gjere det på eiga hand.

Stort løft

Brakka Ungdomsklubb på Årdalstangen har Playstation-rom med videokanon, rockeverkstad, diskotek, kjøkken, nettkafé med breiband, biljardrom og opphaldsrom.

- Ungdomsklubben på Årdalstangen har fått eit stort løft. Frå tida vi heldt til i midlertidige lokale og fram til no har medlemstalet auka frå 10 til 80, seier Sonja Øren.



DELAKTIGE: Thomas Norheim Moen (til venstre) sat i den rådgjevande gruppa som var delaktige i utforminga av den nye ungdomsklubben i Årdal. Han er svært nøgd med det endelege resultatet. Det er også William Gullaksen, Martine S. Holsæter og ungdomsleiar Sonja Øren.

Demokrati i ungdomsklubben

I AktivitetsHUSET i Vågå har ungdommane ein finger med i spelet i det meste som skjer:

- I AktivitetsHUSET har vi tre grunnreglar: Det skal vere eit rusfritt tilbod, det skal vere ope for alle, og det skal bli styrt demokratisk. Brukarane skal med andre ord ha medverknad og medansvar i klubbkvardagen, seier ungdomskonsulent Annette Garden Sveen i Vågå kommune.

- På kva måte har ungdommen medverknad?

- Vi har eit klubbstyre på seks ungdommar som blir valt gjennom eit allmøte, vi gjennomfører allmøte med jamne mellomrom der alle som vil kan komme med innspel og vi har ei forslagskasse folk kan bruke når dei måtte ønskje. Klubbstyret har medansvar for drifta av AktivitetsHUSET og handterer mellom anna innkjøp av kioskvarer og står bak ulike arrangement. Under allmøta og i forslagskassa dukkar det ofte opp forslag til ting vi kan kjøpe inn for å gjere klubben endå betre. Det beste forslaget blir løna med ein gratis kinobillett.

- Men det er sjølvsagt viktig å presisere at det er ytre grenser og rammer for kva ein kan gjere her. Det er ikkje fritt fram for kva som helst.

Representantane i klubbstyret møtest ein gong i månaden.

- Vi har møte i skuletida, og dei som stiller får godkjent fráver frå skulen. Vi prøver alltid å få inn representantar frå alle aldersgruppene, slik at vi får eit variert styre.

AktivitetsHUSET blei opna i 2002 og blir brukt kvar einaste dag. I første etasje er det ungdomsklubb som er open tysdagane og torsdagane. I tillegg er det klubbkveld ein fredag eller laurdag i månaden. I andre etasje er det kulturskule med både musikkrom, formingsrom, kunstrom og Black Box med dans og teater.

- Bygget er ein gammal framhaldsskule som det var komme forslag om å rive. Ungdommane i bygda, som på den tida sleit med å finne nye klubblokale, reagerte på rivningsforslaget, og føreslo i staden at huset kunne pussast opp til eit nytt aktivitetshus. Gjennom dugnadar og idémyldringar har dei sjølve vore veldig delaktige i at det har blitt som det har blitt.

No har ungdomsklubbdelen av huset eit diskotek, ein kiosk, ein nettkafé og ein stor spelehall med biljard, Playstation og andre spel.

- Besøktala har vore stigande frå vi opna huset i 2002. I 2004 var det mellom 10 og 20 besøkande på ein vanleg kveld, medan i år ligg snittet på rundt 50 personar. Det er vi nøgde med, seier ungdomskonsulent.

- Det flyt ikkje over av møtestader i ei lita bygd som Vågå, og då er det særst viktig å ha ein slik uformell møtestad som dette. Det er sosialt og inkluderande, og det er eit godt tilbod til dei som ikkje har idrettsinteresser. Det fangar opp alle, meiner leiar Marte Linderud i Vågå Ungdomsråd.

Motiverer til engasjement

- *Vi har hatt mange variantar av medverknad i ungdomsklubbane våre, men det var på motivasjonssida at vi såg vi hadde ei stor utfordring framfor oss.*

Det seier einskapsleiaren for barn og unge i Bydel Gamle Oslo, Geir Aarrestad Eriksen. I Jordal Fritidsklubb og i Gamle Oslo Aktivitetshus (GOA) er det i ferd med å skje ting.

- Det er ei stor utfordring i seg sjølv å få ungdommar i frå 13 til 16 år å ta del i eit brukarstyre eller eit klubbråd. I den alderen kokar hormonane, og ungdommane har helst lyst til å gjere heilt andre ting enn å sitte på eit møte i ungdomsklubben. Difor har vi jobba aktivt med å gjere det meir attraktivt å sitte i klubbrådet, seier Aarrestad Eriksen.



DELAKTIG: Thomas Norheim Moen.



1) GOA: Ungdommene i Gamle Oslo Aktivitetshus får meir medverknad med det nye klubbrådet. 2) JORDAL FRITIDSKLUBB: Bydel Gamle Oslo ønskjer å motivere ungdom til å ta på seg verv i klubbrådet.

I slutten av februar 2007 gjennomførte Jordal Fritidsklubb eit tre dagar langt val for å få på plass eit nytt klubbråd.

- I forkant hadde ein valkomité på tre-fire ungdommar jobba med å finne aktuelle kandidatar til å sitje i rådet. Dei kom fram til ei liste på 15 personar, som brukarane av klubben kunne stemme på. For å få flest mogleg med på valet, valde vi å køyre det over tre dagar. Vi hadde også inn ein ekstern observatør for å sikre oss at alt gikk rett føre seg, forklarar Aarrestad.

I den multikulturelle bydelen Gamle Oslo har det dessutan vore svært viktig å få engasjert alle brukargruppene i styrearbeid.

- Både i Jordal Fritidsklubb og i GOA er mange kulturar representerte. Det er mange behov og meiningar å ta omsyn til i eit slikt fellesskap, og då er det ekstra viktig å få dette mangfaldet representert på ein god måte i styret. Då vi var ute for å rekruttere folk til det nye klubbrådet på Jordal, så var det eit av kriteriana valkomiteen måtte ta omsyn til, seier Aarrestad Eriksen.

Han seier god informasjon og tydelege rammer for kva klubbrådet kan få til, har vore noko av det grunnsteinane i motivasjonsarbeidet for å få ungdommen engasjert i klubbstyrearbeid i Jordal Fritidsklubb og GOA. Kva avgjerder kan dei ta? Kva saker kjem til klubbrådet? Kva kan ein få uttretta gjennom å ta på seg eit verv.

Aarrestad Eriksen ramsar opp ulike område ungdommen kan sette merke etter seg.

- Det kan dreie seg om handsaming av søknader, forvaltning av medlemspengar, kva brukarane skal betale i medlemskap og kva som eventuelt skal vere inngangspengane for dei ulike aktivitetsgruppene. Dei vil ha sterk påverknadskraft til å forme drift og innhald i klubben.

Tanken er at det nye klubbrådet skal legge haustplanane for 2007.

- Det nykonstituerte klubbrådet er heilt i startfasen på Jordal og på GOA, og målet er at rådet skal forme innhaldet i stor grad sjølve.

Aarrestad Eriksen seier eit av hovudmåla deira har vore å heve statusen på det å drive styrearbeid

blant ungdommane. For å lukkast med det, har bydelen lokka med ungdommane med nokre gulrøter undervegs. Endå større medverknad gjennom ein plass i bydelen sitt ungdomsråd er ei slik gulrot. Eit sosialt todagarsseminar der demokrati og ungdomsmedverknad står på agendaen er ei anna.

- Vi inviterer klubbbråda til ein sosial overnattingstur til Husbergøya i Oslofjorden. Der kjem mellom anna ein fagperson for å halde foredrag om brukarstyrte klubbbråd. Seinare kan det også bli aktuelt med studieturar til andre klubbar i både inn- og utland. Slike tiltak vonar vi kan vere motiverande for å få folk aktivt med i styre og stell i fritidsklubbane.

Bydel Gamle Oslo vonar samstundes at kompetanseheving gjennom det å sitte i klubbrådet over tid, kan vere ei drivkraft for engasjerte ungdommar.

- Det å sitte i klubbrådet kan gi viktig lærdom innan møteteknikk, møteetikk, demokrati, saksgang, roller og rolleavklaringar og beslutningslæring. Eg trur også det kan bidra til lysttona fagleg utvikling og til å skape både tryggleik, tillit, trivsel, seier Aarrestad Eriksen.

Mekkar ny mekkeklubb

*Mekkeinteressert ungdom i Hareid får styre showet i ein kommunal motorklubb.
No er dei i gang med å pusse opp nye klubblokale.*

I samarbeid med politiet og med støtte av førebyggjande kriminalitetsmidlar, opna Hareid kommune motorklubben som skal fange opp ungdom som fell utanfor andre fritidstilbod i kommunen.

- Vi såg at det var ein del gutar som sto utan tilbod og som ikkje var interesserte i dei aktivitetane som frivillige lag og organisasjonar kunne tilby. Gjennom motorklubben har gutar som er interesserte i bilar, motorsyklar og mopedar fått eit tilbod som engasjerer, seier ordførar Gunn Berit Gjerde.

Klubben er eit tilbod for ungdom mellom 15 og 25 år. Tanken har vore å fange opp gutar som er i faresona for rus og kriminalitet.

- Men det er ikkje ein motorklubb som er øymerka gutar som har vanskar. Det er først og fremst ein klubb for alle som har desse interessene. Men klubben klarar å fange opp ein del gutar som elles ville vore i faresona. Ringverknadene er positive og vi ser at tilbodet er noko som engasjerer, seier ordføraren.

No er gutane sjølve i gang med å restaurere nye klubblokale.

- Klubben er på flyttefot, og det er ungdommane som styrer det meste av arbeidet med litt tilsyn. Mange av gutane som er med i klubben er lærlingar, og dei får nytta kunnskapane sine i arbeidet med huset. Men det er fagfolk inne og kontrollerer at til dømes elektrikkararbeid og røyrleggararbeid blir gjort riktig, seier Gjerde.

Skapte skateperle ved Mjøsa

Med solid hjelp av skatemiljøet i Hamar, har skateparken på Koigen blitt ein av landets aller beste.

Ein trist fyllingsplass er forvandla til ei flott strandsone med sandstrand, beachvolleybaner, basketballbaner og skatepark på Koigen i Hamar. Totalt er 17 millionar kroner investert i området, og i september 2005 blei den splitter nye skateparken opna.

- Samstundes med at vi arbeidde med ein ny strandsoneplan i kommunen, mista skatarane sin faste tilhaldsstad i byen. Vi var nøyde å sjå på nye plassar der ungdommane kunne skate, og det var då Koigen segla opp som eit av fleire alternativ. For oss var det heilt naudsynt å dra nytten av ekspertisen til dei som faktisk skal bruke anlegget, seier barnerepresentant Marian Skutlaberg i Hamar kommune.

Rosar kommunen

Det var særleg i skatedelen av prosjektet at ungdommane hadde stor medverknad på arbeidet som blei gjort. Det resulterte i ein av landets aller flottaste skateparkar.

- Det var fleire folk frå miljøet som fekk sagt meiningane sine undervegs i prosjektet, og det trur eg både Hamar kommune og skatarane har fått mykje igjen for. I verste fall kunne kommunen ha enda





opp med å pøse ut store pengesummar på noko som ikkje hadde fungert optimalt og som over tid ville blitt ståande tomt, seier Hamar-skataren Kristoffer Kumar, som også jobbar for Nordens største skatenettstad, tacky.no.

Marian Skutlaberg meiner hjelpa kommunen fekk frå dei aktive i skatemiljøet kom godt med i prosjektet. Men det var samstundes utfordrande å halde kontakten med eit nokså uorganisert miljø.

- Her i Hamar har skatarane sin eigen klubb, men organiseringa av klubben var nok litt laus i kantane. Difor hadde vi kontakt med enkeltpersonar frå miljøet, personar som var aktive gjennom heile byggefasen. Dei var mellom anna svært delaktige i materialval og sjølve utforminga av parken, seier Skutlaberg.

Utfordrande

Nesten heile skateparken er i betong. Det betyr at skatarane har fått ein tilhaldsstad som treng lite vedlikehald og som lagar mindre støy for naboane enn kva eit anlegg i tre ville gjort.

- Vi hadde ein heftig diskusjon om anlegget i tida før etableringa, og det var støy som var det heitaste diskusjonstemaet. Vi hadde først etablert eit mellombels anlegg i tre, men då vart naboane plaga med bråk. Betong vart difor den beste løysinga. Det gir mindre lyd, og er samstundes langt meir slitesterkt enn tre. Minuset er at du ikkje får bygd om når du først har gjort anlegget ferdig.

Nettopp difor var det desto viktigare for oss å få eit gjennomtenkt anlegg som ville vare over tid. Det føler eg vi har lukkast med, seier Skutlaberg.

Som ei følgje av den nye skateparken, har eit allereie stort skatemiljø i Hamar fått sjansen til å vekse seg endå større.

- Miljøet har blomstra. Det er naturleg at det heile tida kjem nye til, og du ser at anlegg som det på Koigen har danna nye og mykje yngre brukargrupper. Lett tilgjengelege og gode skateparkar har gjort det lettare å rekruttere nye folk, og no ser du born heilt ned i 10-11 årsalderen ha det gøy i skateparkane, seier Kumar.

Tvibit gir ungdom plass og ressursar

- Tvibit er ikkje eit hus der du skal bli oppbevart til du blir vaksen. Det er eit hus der du skal bruke ungdomstida di på å bli vaksen.

Det seier leiar Magne Amundsen i ungdomshuset Tvibit i Tromsø. Tvibit bygger på eit medverknads-perspektiv.

- Tvibit er eit ungdomskulturtilbod for folk mellom 15 og 25 år, og i hovudsak rettar vi oss mot vidaregåande elevar. Vi bygger aktiviteten vår kring medverknad, og då gjennom eit kulturperspektiv. Med det meiner eg at vi jobbar ut frå eit ressursperspektiv og ikkje eit problemperspektiv, seier Magne Amundsen.

Det meste som føregår på huset skjer gjennom prosjektbasert medverknad. Når ungdommane har ein idé, coachar Tvibit-staben dei og hjelper til med å søke om pengar til å få gjennomført dei ulike prosjekta sine.

- Tvibit blir på mange måtar styrt gjennom dei ulike prosjekta. Ei veke kan det vere filmproduksjon som står på agendaen, neste veke kan det vere musikk. Det er heile tida ulike personar som brukar huset på ulike prosjekt, og det gir oss mange bein å stå på, i tillegg til stor dynamikk. Det skjer heile tida noko nytt, forklarar Amundsen.

Og ungdommane treng ikkje vere korkje røynde filmskaparar, musikarar, arrangørar eller kunstnarar for å få gjennomført ideane sine.

- Nei, dersom det er nokon som vil lage film, så er det ein låg terskel for å få prøve seg. Ungdommane kan komme rett inn frå gata og låne kamera hjå oss. Vi har ingen medlemsavgifter, så dette er på sett og vis ei demokratisering av media.

Nord-Noregs største musikkfestival er eit av arrangementa som har blitt til i Tvibit-lokala. Den landskjende Bukta-festivalen starta opp under namnet North of Nowhere, og det var to jenter på 16 og 17 år som var festivalgründerar.

- Jentene hadde eit ønske om å lage ein gratisfestival i Tromsø, og filosofien deira var nokså enkel: Skal vi lage gratisfestival, treng vi ikkje pengar. Året etter hadde dei lært. Alt frå å leige lyd og lys til scenerigg og artistar kostar sjølvstakt pengar, og det fekk dei erfare.

Men jentene let seg ikkje skremme av den vaklande starten. Andre gongen festivalen skulle arrangerast hadde dei retta opp dei fleste nybyrjarfeila sine, og tredje året blei den kåra til den beste rockefestivalen i landet.



TVIBIT: TVIBIT i Tromsø er eit ungdomskulturtilbod for folk mellom 15 og 25 år, og i hovudsak rettar dei seg mot elevar i den vidaregåande skulen. TVIBIT bygger aktiviteten sin kring medverknad.

Tvibit-filosofien:

1. Våg å gjere det umoglege mogleg
2. Ikkje ver redd for å mislukkast
3. Våg å gjere ei endring og forandre verda
4. Gløym aldri kvar du kjem frå
5. Hugs å sjå og oppmuntre andre

- Dette syner at det er lov og tenke stort, og utviklinga hjå desse jentene har vore heilt enorm. Dei lærde av feila dei gjorde, og voks på dei, seier Amundsen.

Han meiner prosjektbasert ungdomsmedverknad er like viktig, og kanskje endå viktigare, enn politisk medverknad.

- Hjå oss kjem ungdommane med ein idé og dei får gjennomført han. Alle prosjekta har også eit startpunkt og ein slutt. Det er dessutan god trening i entreprenørskap. Går du på ein smell, veks du på den og lærer av feila du gjorde. Arrangerer du ein hip-hop-konsert ein gong, lagar du kanskje ein hip-hop-konsert med demonstrasjon neste gong, seier Magne Amundsen.

Tromsø kommune opna ungdomshuset Tvibit i juni 2000.

Når det gjelder nærmiljø- og idrettsanlegg er det et mål å utvikle anlegg som tilfredsstillir ungdommens behov for utfordringer og variasjon. Ungdom må gis mulighet til å medvirke i utforminga, og anleggene bør fungere som gode sosiale møteplasser i lokalsamfunnet. Nærmiljøanleggene bør utformes med tanke på barn og ungdoms raskt skiftende interesser, trender og behov for fysisk aktivitet.

*Rundskriv Q-27/2006 Deltakelse og innflytelse fra barn og ungdom
- informasjon og veiledning for arbeidet i kommunene*



Sikring av kulturtilbod

På barrikadane for kinoen

I tre år kjempa Bjørn-Kristian Svendsrud (14) for å få eit kinotilbod i Horten. Hausten 2007 blir ein splitter ny kino med fire salar opna.

11. september 2001 er ein dag Bjørn-Kristian aldri vil gløyme. Først og fremst for at det fryktelege terrorangrepet mot tvillingtårna i New York City skjedde denne dagen. Men også fordi det var dagen då Horten kino vart lagt ned.

- Det branntekniske utstyret var i så dårleg stand at bygningen måtte stengjast, og då sto vi heilt utan kinotilbod i Horten, seier Bjørn-Kristian.

Då han kom inn i barnerådet som sjetteklassing i 2003, gjekk han i bresjen for kinosaka i heimbyen sin.

- Ein by som Horten burde sjølvsagt ha ein kino. Dette blei difor mi hjertesak, og eitt år etter at eg først kom inn i barnerådet, fekk vi sjansen til å snakke i kommunestyret. Kvar einaste gong det var møte møtte eg opp og snakka om kinoen.

- Politikarane vart nok leie av meg til slutt, og det var tider då eg også vart lei heile saka. Det er tungt å jobbe vidare når du gong på gong blir avvist. Men når du først har stått på og kjempa for ei sak i så lang tid, så er det ikkje så lett å gi seg heller. Og så er eg jo Horten-patriot då, og då gir du ikkje opp med det første!

Det er Bjørn-Kristian glad for i dag, for til slutt byrja kinoentusiastane å sjå resultat av det arbeidet som var lagt ned. 19. juni 2006 blei kinoen innarbeidd i budsjettet, og 11. desember same år kom det endelege vedtaket som Bjørn-Kristian hadde venta i tre lange år på: Ein ny kino i Horten.

6. september 2007 skal det etter planen vere offisiell kinoopning i Vestfold-byen.

- I saman med private aktørar skal kommunen bygge ein premierekino med fire kinosalar med til saman 550 plassar. Dette er veldig viktig for heile Horten. Når vi no får dette tilbodet på plass, blir det samstundes ein kino for heile Nordre Vestfold. Det



NY KINO: Bjørn-Kristian Svendsrud godtok ikkje at Horten kommune var utan kinotilbod og sto på for å få politikarane til å bygge ein ny.

er forventa mellom 80.000 og 100.000 besøkande kvart år, og det vil gi store positive ringverknader for heile kommunen. Handelsstanden reknar med ein auka omsetnad på rundt sju millionar kroner årleg, og det syner kor viktig dette prosjektet er.

Kulturkonsulent Raymond Johnsen i Horten kommune er overbevist om at innsatsen til Bjørn-Kristian Svendsrud har vore utslagsgjevande i kinosaka.

- Det har definitivt vore avgjerande. Barnerådet, ungdomsrådet og Bjørn-Kristian sin innsats har sett søkelyset på denne saka, og dei har ikkje late politikarane fått fred. Når dei har sett han i kommunestyresalen gong etter gong, så har dei med ein gong visst kva som har vore i vente, seier Johnsen.

Med 21 mot 20 stemmer vart kinoen i Horten vedteken med knappast mogleg fleirtal i kommunestyret.

Styrer sin eigen kortfilmfestival

Regissørspirene Torfinn Rønning Sanderud (18) og Eirik Sæter Stordahl (19) er pådrivarar for den årlege kortfilmfestivalen TILT i Trikkehallen på Kjelsås.

- Ein av dei tinga som motiverer meg til å lage film, er det å fortelje ei historie. Dersom du ikkje har nokon å fortelje historia di til, så blir det heller ikkje like spennande å halde på med film. TILT gir filminteressert ungdom ein sjanse til å syne arbeidet sitt til andre, seier Eirik Sæter Stordahl, og får støtte av Torfinn Rønning Sanderud.

- Det er godt å ha ein arena der du kan høyre og sjå reaksjonane til publikum. Har du lukkast å sei det du ville seie? Skvett dei viss noko er skummelt? Ler dei viss noko er morosamt? Det blir lagt ned veldig mykje arbeid i å lage ein film, og då er det veldig viktig å få vist den fram, seier han.

I november 2006 vart TILT arrangert for andre gong i kulturhuset Trikkehallen på Kjelsås, og kortfilmfestivalen skal vere eit årleg arrangement av og for ungdom i Oslo og omegn.

- Vi merka ein liten auke i talet på påmelde filmar denne gongen, men ikkje så mykje at vi sikkert kan seie at det er ein stigande trend. Men håpet er etterkvart at vi skal auke interessa rundt det å skape film.

God og brei marknadsføring av filmfestivalen er blant grepa dei håpar skal få ungdom med ein regissør i magen til ta opp kameraet. Torfinn har mellom anna designa plakatar og laga ein eigen nettstad for filmfestivalen. Mailinglister og diskusjonsforum på nettet har også blitt flittig brukte for å marknadsføre TILT. Men det er eit stort reklamefilmprosjekt for arrangementet som har teke mesteparten av tida til dei to festivalkompisane den siste tida.

- Reklamefilmen blir det viktigaste marknadsføringsmiddelet vårt framover, og vi har gjort den så tidlaus som mogleg for at den skal vare over tid, seier Torfinn, som la ned ein stor innsats i å få inn pengar til prosjektet.

- Vi søkte om midlar frå ulike støtteordningar og fekk samla inn 68.000 kroner. Det meste av pengesummen gjekk med på å leige eit 16millimeter-kamera og anna skikkeleg ustyr for ei helg,

men vi er svært nøgde med kva vi fekk til med pengane vi hadde til rådvelde.

Nesten 70 ungdommar var med på filmprosjektet, som truleg vil bli vist på oslokinoane som reklame før neste festival.

- Det håpar vi kan skape endå meir blest rundt festivalen, seier dei to, som har all grunn til å vere nøgde med den minuttlange reklamefilmen. Ut frå det endelege resultatet kunne den like gjerne hatt eit budsjett på 680.000 og ikkje 68.000 kroner.

- Målet var å lage ein film som ser veldig dyr ut på eit lite budsjett. Det føler vi at vi har lukkast med.

Tilt Kortfilmfestival blir arrangert i samarbeid mellom Trikkehallen, Kjelsåspeerderne og Ungdomsrådet i bydel Nordre Aker i Oslo.



PÅDRIVARAR: I november 2006 vart kortfilmfestivalen TILT arrangert for andre gong i kulturhuset Trikkehallen på Kjelsås. Dette skal vere eit årleg arrangement av og for ungdom i Oslo og omegn. Regissørspirene Torfinn Rønning Sanderud (18) og Eirik Sæter Stordahl (19) er pådrivarar for festivalen.

Kulturlivet blomstrar i Trikkehallen

I ein trikkehall på Kjelsås i Oslo får kulturinteressert ungdom gode vilkår til å dyrke interessene sine.

- Noko av bakgrunnen for Trikkehallen, var at ungdommane i bydelen hadde ønske om ein skikkeleg kafé og møtestad i nærmiljøet. Det var visjonen bak prosjektet, og ungdommane sjølve var viktige i arbeidet med å utvikle huset. Dei jobba i grupper i eit styrt prosjektarbeid for å komme fram til ein driftsmodell for heile Trikkehallen, seier leiar Anne-Berit Haavind i kultur- og ungdoms-eininga i bydel Nordre Aker.

Mange idear

Resultatet er eit storslått og imponerande kulturhus som opna dørene hausten 2003. I Trikkehallen har ungdommane ein eigen kafé, ein musikkverkstad med tre øvingslokale og studio, datarom med gode filmredigerings- og designprogram til Mac, møtelokale og ein stor og fleksibel scenehall som passar godt til både konsertar, teaterframsyningar, dans og utstillingar.

- Ungdommane hadde svært mange kreative idear på korleis vi kunne løyse ting, og for å få sett alle tankane og forslaga i system, hadde vi med oss ein interiørarkitekt. Han tok utgangspunkt i ønskja til ungdommane og kom tilbake til oss med ulike forslag til korleis huset kunne sjå ut, seier Haavind, som seier brukarane av huset hadde klare tankar om kva huset, og særleg kafeen, skulle innehalde.

- Ein stor serveringsdisk var kjempeviktig. I tillegg var ein stor sofa høgt opp på ønskelista. Eg trur nok komiserien "Friends" var ei viktig inspirasjonskjelde for dei når kafeen skulle formast, smiler Haavind.

Økonomiske prioriteringar

Ungdommane kjempa også hardt for å få ei skikkeleg kaffimaskin bak disken.

- Dei måtte komme med ekstra gode argument for å få den på plass. Det er ei kostbar maskin, og det blei difor eit økonomisk spørsmål om vi skulle ha den eller ikkje. Vi vaksne økonomistyrte prosjektet, og ungdommane var heilt nøyde til å prioritere kva dei ville ha av utstyr, forklarar Haavind.


Aktiviteten i huset er svært stor, og store deler av den er ungdomsstyrt. Trikkehallen er open kvar dag, 25 band øver i dei tre øvingslokala, annakvar veke er det teatersport i kafeen, ungdomsrådet i bydelen har møta sine her, det blir arrangert konsertar med store og små norske band og artistar, huset husar ein eigen dansefestival og det blir arrangert ein årleg kortfilmfestival her.

- Det skjer ting her kvar dag året rundt med unntak av sommarferien. Då har vi stengt i Trikkehallen også, seier Haavind, som påpeikar at aktiviteten i huset ikkje er avgrensa til å berre gjelde dei unge.

- Sjølv om målgruppa er ungdommar mellom 13 og 20 år, er alle aldersgrupper velkomne inno. Ein søndag i månaden har vi barneteater, som er blitt eit populært arrangement for heile familiar, og det er ingen som hevar ei augnebryn dersom ein 60-åring set seg ned for ein kaffikopp i kafeen. Huset er ope for alle, seier Haavind.

PROSJEKTARBEID: - Ungdommane jobba i grupper i eit styrt prosjektarbeid for å komme fram til ein driftsmodell for heile Trikkehallen, seier leiar Anne-Berit Haavind i kultur- og ungdoms-eininga i bydel Nordre Aker





Høyring om helse

Sa ifrå til statsministaren

Elevar frå Eidskog Ungdomsskule gjennomførte hausten 2006 ei høyring om psykisk helse i skulen. Dei nådde heilt fram til statsminister Jens Stoltenberg med meiningane sine.

- Vi fortalde mellom anna at vi ønskjer at helsesøstera skal halde ope meir enn ein dag i veka, og at dei vaksne bør engasjere seg meir i dei unge sin skulekvardag. Det er viktig for oss at dei vaksne syner at dei bryr seg om oss, sa 15-åringen Ingunn Melbye til lokalavisa Glomdalen etter å ha vore inne til statsminister Jens Stoltenberg.

Høyringa blei gjennomført i regi av organisasjonen Voksne for barn og Eidskog Ungdomsskule. Helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad var også tilstades for å ta i mot budskapen til ungdomsskuleborna.

- Nervøse? Ja, herlegheit! Eg var heilt raud i kinna då vi hadde ordet, men han er jo så grei, sa Ingunn, som var på hovudstadsbesøk i lag med 13 år gamle Silje Mobæk.

Dei to var med i høyringa om psykisk helse i skulen saman med åtte andre tilfeldig utvalde. Miljøarbeidar Anita Seterlien Olsson ved Eidskog Ungdomsskule sit att med svært positive røynsler etter prosjektet.

- Det har vore vellukka, og arbeidet med psykisk helse er noko som vi kjem til å halde gåande kontinuerleg. For å få eit mest mogleg riktig resultat, har vi teke i bruk andre metodar enn berre det å levere ut eit spørjeskjema.

- Kvifor gjorde de det slik?

- Det er ikkje alltid vi vaksne klarar å fange opp kva barn og unge meiner, og dei brukar ofte handlingar i staden for ord til å uttrykke seg. Difor ville gi dei den sjansen i denne høyringa, seier Olsson.

Først skreiv elevane ned tankar om kva som kan vere årsaker til god og dårleg psykisk helse i skulen. Deretter blei elevane delte inn i to grupper som fekk velje fire punkt kvar å jobbe grundigare med.



SA IFRÅ: Ingunn Melbye og Silje Mobæk frå Eidskog fekk møte sjølvaste statsminister Jens Stoltenberg og helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad i haust. Dei presenterte resultatane frå høyringa om psykisk helse i skulen. Foto: Ole-Johnny Myhrvold, Glomdalen

- Dei fekk plukke ut to positive ting og to negative ting frå lista vi sat att med. Deretter fekk dei i oppgåve å illustrere desse situasjonane, først med skisser, så med kvart sitt digitale fotoapparat.

- Vi merka at elevane klarte å få fram ting som elles er vanskelege å snakke om. Vi fekk mellom anna inn bilete som veldig tydeleg synte ein person som var frosen ut av ei større gruppe, seier Seterlien Olsson.

Bileta til elevane enda til slutt opp i ei stor fotobok som blei overrekk til statsministaren.

- Vi opplevde han som genuint interessert i å snakke med oss, og han sette av lenger tid enn det som først var planlagt til møtet. Elevane tykte det var svært positivt å få fram sine tankar til sjølvaste statsministeren.

Elevar frå Gol, Rjukan og Arendal hadde også gjennomført ulike høyringar på sine skular, og dei overrekte sine resultat til statsministeren og helse- og omsorgsministeren same dag som elevane frå Eidskog.

Her er eit utdrag av det som kom fram under temaet "Bra psykisk helse i skulen":

- Å bli lagt merke til.
- Å ha nokon å kunne gå til.
- At folk er hyggelege og ikkje mobbar.
- At ein kan stole på folk.
- At folk respekterer kvarandre.
- At lærarane ikkje er sure slik at ein gruar seg til timane.
- At ein har gode vener.
- At alle kan prate med kvarandre utan at det blir bråk.
- Å ha nokon å snakke med.
- Blide lærarar.
- At alle får høve til å uttrykke seg.
- At ingen føler seg utanfor.
- Å alltid ha ein lærar å snakke med.
- Å føle seg trygg.
- At alle føler seg akseptert og ikkje utstøytte.
- At vi får slutt på rykte som fører til krangling.

Her er eit utdrag av det som kom fram under temaet "Dårleg psykisk helse i skulen":

- Folk som slenger stygge kommentarar som kan såre andre.
- Folk trur det er tøft å mobbe.
- Lærarar som ikkje bryr seg.
- At ein kanskje ikkje har nokon vener.
- Når lærarar straffar ein heil klasse for noko ein einskild person har gjort.
- Utfrysing eller mobbing.
- Å ikkje få hjelp av lærarane.
- Baksnakking blant elevar.
- Dårlege haldningar.

Høyring om psykisk helse på Eidskog Ungdomsskule, hausten 2006.

Skulane gjennomfører årleg Elevgranskinga. Den må følgjast opp av elevane gjennom elevråd og klasseråd slik at dei kan få gitt innspel til endringar overfor leiinga/kommunen. I høve til forskrift om "Miljørettet helsevern i skoler og barnehager" kan eit møte med ansvarleg for skulehelsetenesta vere naudsynt.

*Rundskriv Q-27/2006 Deltakelse og innflytelse fra barn og ungdom
- informasjon og veiledning for arbeidet i kommunene*



Gjennom bruk av metodar som framstidsverkstad kan born og ungdom seie noko om kva som er bra og dårleg i kommunen. Erfaring viser at born og ungdom er opptekne av ei rekke tema som har innverknad på deira oppvekst i dag, og for deira moglegheiter i framtida, som for eksempel:

- | | | |
|----------------------------|--------------------------------------|-----------------|
| • trafikktryggleik | • kollektivtransport | • mobbing |
| • kvalitet på leikeplassar | • idrettstilbod | • rasisme |
| • rusproblematikk | • skoletilbod | • ungdomshus |
| • inneklima | • miljøvern | • fritidstilbod |
| • møteplassar | • skateparkar og andre idrettsanlegg | • utdanning |
| • helsestasjon for ungdom | • kriminalitetsførebygging | • busetting |
| • jobbmoglegheiter | • kulturtilbod | • friluftsliv |

Meiningar om trafikktryggleik

Ville møte rektorane – fekk klar tale av elevråda

Då ein ny trafikktryggleiksplan skulle utarbeidast i Stange, avtalte politikarane i kommunen eit møte med rektorane ved skulane. I staden blei dei møtt av elevrådsleiarar med sterke meiningar.

Politikarane ville vite kva trafikkfarlege skuleveggar som burde prioriterast i den nye trafikktryggleiksplanen i kommunen, men gløynde heilt å spørje dei det verkeleg gjaldt – nemleg elevane. Det ville elevrådsleiarane ved stangeskulane gjere noko med.

- Det er ein dag eg aldri kjem til å gløyme. Politikarane blei lange i maska då dei steig inn i rommet og blei møtte av elevrådsleiarane i staden for rektorane. Då var eg verkeleg stolt, smiler ungdomssekretær Else Bjørke i Stange kommune om hendinga frå 2005.

Skuleelevane fekk sagt sitt om dei trafikkfarlege områda i kommunen, og politikarane tok omsyn til meiningane deira i sakshandsaminga. På nokre av stadene er trafikktilhøva blitt betre, og andre stader skal det komme tiltak etterkvart.

- Dei fekk gjennomslag, og dei mest utsette plassane er det sett i verk tryggleikstiltak. Men det er framleis mange av punkta i trafikkplanen som ventar på å bli gjennomførte. Slike ting tek uendeleg lang tid å få på plass i ein byråkratisk kvardag, særleg sett med barneauge.

Men elevane er likevel veldig stolte over å ha sett resultat av det dei har gjort, og det har gitt ekstra motivasjon og inspirasjon til å stå på for sine hjertesaker.

- Dei ser at det nyttar å gjere noko, seier ungdomssekretæren, som har eit viktig hovudbodskap når representantar i Barn og



TA INITIATIV: - Eg trur det er viktig å ansvarleggjere borna og ungdommane. Eg har sagt til dei at dersom de har bruk for eit anlegg av noko slag, så er det de sjølve som må ta initiativ til det, seier ungdomssekretær Else Bjørke. Her med leiar av BUK i Stange, Eirin Røen Martinsen og nestleiar Ingeborg Madsen Sveen.

unges kommunestyre i Stange stiller til sitt første møte som ungdomsrepresentantar: "Det skjer ingenting viss de ikkje gjer noko sjølve".

- Eg trur det er viktig å ansvarleggjere borna og ungdommane. Eg har sagt til dei at dersom de har bruk for eit skateanlegg, så er det de sjølve som må ta initiativ til det. Eg skatar ikkje og har ikkje behov for ein skatepark. Det gjer heller ikkje ordføraren, så for å få fram det at dette er noko ungdommane i Stange ønskjer og har behov for, så fortel eg dei at dette må dei jobbe for sjølve.

For å nå fram til dei som styrer er eit av verktyøya å bruke media. I Hedmark-kommunen har Barn og unges kommunestyre jobba aktivt mot lokalpressa i saker dei brenn for. Det har gitt resultat. Mellom anna har ungdommane stått på for å få gratis frukt ved skulane i kommunen. Det blir no innført på ungdomsstega, medan barnestega truleg vil komme etter seinare.

- Det er klart at politikarane føler eit større press dersom det blir litt trykk kring sakene i lokale media.

Der hender det ofte at ungdommane skriv opne brev til både politikarar, administrasjon og media når dei har noko på hjartet.

- Slik får vi sett fokus på saker som er viktig for born og unge i Stange kommune. Men det hender også at journalistar tek direkte kontakt med oss utan at vi treng å tipse dei. Vi har god oversikt over journalistane og veit kven som er positivt innstilt til ungdomsaktivitet, og kven som er litt meir negative. Det gjeld å vere litt taktiske i møtet med pressa, seier Bjørke.

Dirigerte om anleggstrafikken

Kvar dag køyrde tunglasta lastebilar fram og tilbake på skulevegen til borna på heimstaden til Michelle Bang (12). Det fann ikkje barnerådsleiararen seg i.

- Både lærarar, skuleelevar og foreldre var sjokkerte over at ingen hadde informert om at lastebilane skulle køyre mange tusen tonn med masse over skulevegen vår dagleg, seier barnerådsleiararen Michelle Bang frå Skoppum i Horten.

Det var i samband med at overskotsmasse frå vegbygging skulle nyttast til å utvide hamneområdet i Horten, at skulevegen brått vart gjort om til ei farleg transportåre for store lastebilar som gjekk i skytteltrafikk for hamnefogden i kommunen.

- Eg hugsar vi hadde matematikk på skulen då rektor på skulen min henta meg og ein representant frå elevrådet ut av timen for å vere med i eit møte med to menn i uniform. Vi blei samde om at eg skulle ta med saka vidare til barnerådet, slik at vi kunne komme med forslag til kva vi kunne gjere for at trafikksituasjonen skulle bli tryggare for oss på Skoppum, seier Michelle, og ramsar opp ulike forslag som barnerådet tok med seg tilbake til hamnefogden.

- Vi i barnerådet føreslo mellom anna å sette opp bom, bruke lyskryss og lage fartsdemparar. Ikkje alle tiltaka var like lette å gjennomføre, men vi fekk gjennomslag for fleire av forslaga våre.



STOPPA TUNGTRAFIKKEN: Barnerádsleiar Michelle Bang let seg ikkje stoppe av tungtransport.

- Vi hadde nemleg funne ut at vi kunne lage ei ringrute til lastebilane, og at dei kunne køyre utan last når dei køyrde på skulevegen vår. I tillegg fekk vi sett ned fartsgrensa frå 50 til 40 kilometer i timen. Vi fekk også i stand eit busstilbod for dei borna som måtte krysse vegen der det var anleggstrafikk, seier Michelle, som fekk ekstra stort engasjement for saka fordi den gjaldt heimstaden hennar, Skoppum.

- I tillegg var det den første skikkelege saka vi fekk jobbe med i barnerådet, og det var ekstra moro når vi fekk til dei tinga vi ønskte. Vi spurte til og med om vi kunne få eit plaster på såret for at lastebilane framleis køyrde eit lite stykke på vegen vår. Det enda med at eg vart henta ned i eit nytt møte med hamnefogden, og der fekk eg beskjed om at vi skulle få 25.000 kroner. Det var pengar klassane på skulen kunne bruke til klasseseturar, smiler Michelle, som tykte det var moro å bli høyrtd i ei sak som vedkom alle innbyggjarane på Skoppum.

- Då vi fekk til desse tinga, blei vi veldig glade. Det viser at det nyttar å seie i frå, slår Michelle Bang fast.

Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for å ivareta barn og unges interesser i planlegginga:

"4. Krav til den kommunale planleggingsprosessen

Kommunen skal:

- a. Vurdere konsekvenser for barn og unge i plan- og byggesaksbehandlingen etter plan- og bygningsloven.
- b. Foreta en samlet vurdering av barn og unges oppvekstmiljø for å innarbeide mål og tiltak i kommuneplanarbeidet.
- c. Utarbeide retningslinjer, bestemmelser eller vedtekter om omfang og kvalitet av arealer og anlegg av betydning for barn og unge, som skal sikres i planer der barn og unge er berørt.
- d. Organisere planprosessen slik at synspunkter som gjelder barn som berørt part kommer fram og at ulike grupper barn og unge selv gis anledning til å delta."

Rundskriv T-4/98 Barn og planlegging



Elevstyrt miljøprosjekt

Samla inn fleire tonn søppel

I Hareid kommune samla ungdomsskuleelevar inn tonnevis av søppel i eit elevstyrt skuleprosjekt.

I oppryddingsprosjektet sto ungdommane for kartlegging av søppel i kommunen, dei sytte for dialog med grunneigarane og dei gjennomførte til slutt innsamlinga av fleire tonn søppel. Store mengder plast, gamle restar etter jordbruksreiskap, bildekk og skjemmande bilvrak blei samla inn av dei driftige elevane.

- Ungdommane gjorde eit kjempearbeid. Skulle vi gjennomført eit slikt prosjekt med kommunal arbeidskraft, ville det teke mykje lenger tid enn det ungdommane brukte, seier ordførar Gunn Berit Gjerde i Hareid kommune.

Først brukte rundt 25 ungdomsskuleelevar gymtimane sine på å sykle rundt i heile kommunen for å kartlegge alt som kunne kastast. Deretter samarbeidde 8. klassingane med teknisk etat i Hareid kommune, og saman gjekk dei inn i grunnbøkene for å finne ut kven som var grunneigarar av dei ulike områda i kommunen. Neste steg var å sende ut informasjonsbrev til grunneigarane om innsamlingsaksjonen som var på gang.

- Dei fekk svært mykje positiv respons, og lokalvisa laga fleire oppslag på oppryddingsprosjektet. Det førte igjen til at folk ringde inn og tipsa elevane om kvar dei kunne finne meir avfall.

Elevane jobba med prosjektet i eit halvt skuleår.

- Meininga var at dei skulle få sjå resultatane av arbeidet sitt raskt. Det var eit ganske intensivt opplegg, og dei fekk fletta inn mange ulike fag i prosjektet. Her kom dei borti alt frå brevskriving og dataarbeid til å få orientering om korleis kommunen arbeider. Dette var relevant i høve til både norsk og samfunnsfag, seier Gjerde.

Resultatet var svært engasjerte elevar.

- Vi fekk svært positive tilbakemeldingar frå lærarane. I ein klasse som tidlegare hadde vore ein av dei verste på skulen, var det merkbare positive endringar. Elevar som elles ikkje var særleg aktive

fekk ekstra motivasjon gjennom det praktiske arbeidet. Alle fann område der dei kunne gjere ein god jobb, seier ordføraren, som også har merka ei nedgang i hærverkssaker i kommunen etter prosjektet.

- Eg trur arbeidet som er gjort har skapt ei større forståing for at det ikkje skal forsøplast. Saman med andre ungdomsprosjekt vi har gjennomført i kommunen dei siste åra, trur eg dette har bidrege til mindre hærverk og mindre søppel i Hareid.

No arbeider vi med ordføraren med å få på plass eit nytt liknande prosjekt. Tanken er å bruke same metode og denne gongen er det registrering av turveggar som står på agendaen.

- Målet er å lage eit hefte med bilete og kart over turstiar i kommunen. Det finst mange flotte skjulte skattar i det varierte turterrenget vårt, og kanskje kan dette prosjektet bevisstgjere ungdommane på kor fin kommunen deira er. Samstundes kan dette vere noko som får folk til å komme seg ut på tur, håpar Gjerde.



Ungdom gjer jobbintervju

Blei jobbintervjua av ungdom

For å få jobben som ungdomskonsulent i Vågå kommune, måtte Annette Garden Sveen gjennom tøffe intervjurundar med både kommuneleiinga og ikkje minst ungdommane sjølve.

- To representantar frå ungdomsrådet var med på intervjuet, og dei stilte vel så mange kritiske spørsmål som det personane frå kommunen gjorde. Ungdommane ville mellom anna vite korleis eg såg på ungdom og medverknad, og korleis eg såg for meg at ungdomsklubben på Vågå skulle driftast, seier Annette Garden Sveen om jobbintervjuet som fann stad for to år sidan.

Men ungdomsrådet var ikkje berre med på sjølve intervjuet. Dei gjekk også gjennom søknadene før intervjurunden, og til slutt fekk dei komme med si eiga innstilling til kven som burde få jobben. Men det var spesielt eit punkt som var særst viktig for ungdommane:

- Han som var tilsett før meg hadde ei 50 prosents stilling som var delt i to mellom det å vere ungdomskonsulent og idrettskonsulent. Ungdomsrådet var klare på at dei ville ha inn to personar i to stillingar, slik at dei var sikra at ungdommane fekk sin eigen konsulent som ikkje blei distrahera av andre arbeidsoppgåver. Dei fekk gjennomslag for synet sitt, forklarar Garden Sveen.

I dag har ungdomskonsulentstillinga jamvel gått frå å vere ei 50 prosent stilling til å bli ei fulltidsstilling.

- Det har ungdommane sjølve mykje av æra for, seier ho.

Innarbeidd

Også då ein ny klubbmedarbeidar skulle tilsetjast i ungdomsklubben AktivitetsHUSET, var ungdomsrådet sentrale i både forarbeidet, intervjurunden og innstillinga.

- Dette er i ferd med bli innarbeidd i Vågå, og det tykkjer eg er flott. Ting som kjemi, personlegdom og ikkje minst at ein arbeider mot dei same måla, har svært mykje å seie i møtet mellom dei unge og dei som skal arbeide med unge. Skal du få eit riktig inntrykk av søkarane er det viktig at ungdommane får vere med i heile prosessen, meiner Garden Sveen.

Dagens ungdomsrådsleiar Marte Linderud (19) var ikkje med på tilsettinga av korkje klubbmedar-



INTERVJU: Ungdomskonsulent Annette Garden Sveen (t.v.) måtte gjennom tøffe intervjurundar med kommuneleiinga og ungdomsrådet då ho søkte jobb i Vågå kommune. Ungdomsrådsleiar Marte Linderud tykkjer det er flott at ungdommane i bygda har reell medverknad når nye folk skal tilsetjast i stillingar som vedkjem ungdom.

beidaren eller ungdomskonsulenten, men ho tykkjer det er svært positivt at kommunen tek ungdommen med på viktige avgjerder.

- Samanlikna med andre kommunar, tykkjer eg vi har mykje å seie her i Vågå. Eg har treft mange andre ungdommar, både her i Gudbrandsdalen og elles i landet, som har langt vanskelegare med å nå igjennom enn kva vi har. Det er velvilje frå politikarar og administrasjon, vi får lov til å uttale oss og vi blir høyrde, seier Linderud.

Positiv haldning

Både ho og Annette Garden Sveen meiner den kommunale satsinga på ungdom har smitta over på fleire i Vågå.

- Vi ser det mellom anna når det blir skipa til arrangement i bygda eller når næringslivet skal i gang med ulike prosjekt. Ungdommane blir alltid inviterte med, og folk ser på ungdommar som ein ressurs heile kommunen kan dra nytte av, seier dei to.



Informasjon til og frå ungdom

Samarbeider med lokalpressa

Ungdommane i Brakka ungdomsklubb i Årdal driv sin eigen redaksjon og leverer ungdomsstoff til både lokalpressa og kommunale informasjonsbrosjyrer. I tillegg driftar dei sin eigen nettportal.

- Vi dekkar ulike ting som rører seg i ungdomsmiljøet i bygda. Det er ein fin måte å nå ut til folk på, seier Thomas Norheim Moen (17).

Heilt sidan ungdomsklubben Brakka på Årdalstangen blei opna i mai i fjor, har Thomas Norheim Moen, Martine S. Holsæter og William Gullaksen drive eigen nyhenderedaksjon frå nettkafeen i Brakka. Hovudvekta av arbeidet er retta inn mot portalen www.ardal.no/ung, men dei lagar også informasjonsmateriell om ungdomsmiljøet i bygda.

- I tillegg samarbeider vi tett med den lokale nettavisa Porten.no. Det har vi mykje igjen for, meiner ungdommane.

Porten.no dekkar nabokommunane Årdal og Lærdal, og redaktøren for nettstaden, Hanne Stedje, er fast gruppeleiar og "medielærar" for ungdomsredaksjonen i Brakka.

- Ein gong i veka har vi redaksjonsmøte, og då gir Hanne oss råd og vink om korleis vi bør bygge opp artiklar og korleis vi bør tenke når vi tek bilete til ein reportasje. Det hender også vi blir spurde om å ta bilete og lage reportasjar for Porten.no. Dei gongene vi får ut stoff der, når vi samstundes ut til ein større lesarskare, seier William Gullaksen (16).

Stor ressurs

Porten-redaktøren ser på ungdommane som ein stor ressurs.

- Dei leverer mest bilete til oss, men bidreg også med artiklar. For oss som driv nettavis er det viktig å nå ut til ungdommane, spesielt med tanke på at denne gruppa er dei ivrigaste og mest aktive brukarane av nettmediet. Difor er vi opptekne av å setje fokus på saker som ungdommar er opptekne av. Då er det naturleg at dei kjem med tips og innspel til saker vi bør skrive om, seier Hanne Stedje.

Også den største lokalavisa i Sogn har fått nytte godt av arbeidet til ungdommane.

- Vi har selt stoff til Sogn Avis og pengane vi fekk, gjekk rett inn i redaksjonskassa vår, seier Martine S. Holsæter (16).

Speglreflekskamera

Pengane kjem godt med. Nyleg kjøpte dei eit splitter nytt speglreflekskamera til bruk i redaksjonen.

- Vi fekk stønad til å kjøpe kamera frå Frifond, og det har blitt flittig brukt. I tillegg har vi fått biletbehandlingskurs gjennom ei lokal dataverksemd, så vi har fått god oppfølging, meiner ho. Ungdommane legg sjølve ut artiklane sine på www.ardal.no/ung, og dei har også fått publiseringsverktøy til sine private datamaskiner.
- Er det ei sak som bør raskt ut, har vi høve til å gjere det heimafrå. Då slepp vi å vente til vi har redaksjonsmøte, og det er ein stor fordel dersom saka har datostempling, seier William Gullaksen.



UREDDE: I Årdal leverer Uredgjengen Thomas Norheim Moen, Martine S. Holsæter og William Gullaksen ungdomsstoff til både lokalpressa og kommunale informasjonsbrosjyrer. I tillegg driftar dei sin eigen nettportal.

Når det gjeld informasjon om kva som skjer i kommunen er det offentlege informasjonsansvaret slått fast i kommunelova. Kommunar og fylkeskommunar skal drive aktiv informasjon om si verksemd. Det må også gjelde informasjon til barn og unge.

Barn og ungdom treng informasjon på ei rekke område. Skal barn og unge få utbyte av offentlig informasjon, må informasjonen leggjast til rette for målgruppene. Deltaking og medverknad blir styrka gjennom å auke informasjonstilgangen og kommunikasjonsmoglegheitene.

*Frå Rundskriv Q-27/2006 Deltakelse og innflytelse fra barn og ungdom
- informasjon og veiledning for arbeidet i kommunene*

Artikkel 13

- 1.** Barnet skal ha ytringsfridom; denne retten skal omfatte fridom til å søkje, ta imot og meddele opplysningar og idear av alle slag utan omsyn til grenser, anten det skjer munnleg, skriftleg eller på trykk, i kunstnarleg form eller gjennom uttrykksmåten barnet måtte velje.
- 2.** Det kan leggjast visse avgrensingar på utøvinga av denne retten, men berre avgrensingar som er fastsette ved lov, og som er nødvendige
 - a)** av omsyn til rettar andre har eller deira omdømme, eller
 - b)** for å verne nasjonal tryggleik, offentlig orden (ordre public) eller offentlig helse eller moral.

FN sin konvensjon om barnerettane



Utgitt av: Barne- og likestillingsdepartementet

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar av denne publikasjonen frå:
Servicesenteret for departementa, Kopi- og distribusjonsservice
www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no Telefaks: 22 24 27 86

Andre (ikkje offentlege instansar) rettar sine tingingar til:
Akademika AS, Postboks 84 Blindern, 0314 OSLO
E-post: offpubl@akademika.no Tlf.: 22 18 81 00/800 80 960
Publikasjonen og meir informasjon finst på Internett:
<http://regjeringen.no/bld>

Oppgi publikasjonskode Q-1129 N
Design og illustrasjon: Gjerholm design
Trykk: Aktiv Trykk 04/2007 – opplag 3 000

